



SULA KOMMUNE

# **Budsjett og økonomiplan 2025-2028**

**Vedtatt av kommunestyret 05.12.24**

# Innhold

1. Kommunedirektøren si innleiing.....	3
2. Ord og omgrep i budsjett og økonomiplanen .....	5
3. Nasjonale, regionale og lokale føringar for arbeidet med budsjett- og økonomiplanlegging .....	7
4. Økonomisk situasjon .....	9
5. Finansielle måltal .....	18
6. Parallele grep for berekraftige tenester innanfor ein berekraftig økonomi .....	21
1) Fortløpande kostnadskutt.....	21
2) Effektivisering av drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats .....	22
Barn som meistarar .....	22
Inkludering.....	23
Ei dør inn til kommunale tenester .....	23
Enklare kvardag med smart teknologi.....	24
Rekruttering og smart bemanning.....	24
7. Vurdering av behov for mellombels politisk utval i 2025 .....	26
8. Vurdering av planoppgåver i 2025.....	27
9. ØKONOMIPLAN 2025-2028, DRIFT .....	30
Noter til økonomiplan 2025-2028, drift .....	32
10. ØKONOMIPLAN 2025-2028, INVESTERING .....	51
Noter til økonomiplan 2025-2028, investering .....	52
11. OBLIGATORISKE OVERSIKTER.....	58
Bevilgningsoversikt drift.....	58
Bevilgningsoversikt investering.....	59
Økonomisk oversikt drift.....	60
Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar .....	61
12. SAKSFRAMLEGG. BUDSJETT OG ØK.PLAN 2025-2028 .....	63

# 1. Kommunedirektøren si innleiing

Kommunal sektor har ansvar for å gje innbyggjarane gode velferdstenester og å drive god samfunnsutvikling. Krav og forventningar aukar år for år, medan dei økonomiske overføringane har stagnert. Det har ikkje vore realvekst i dei frie inntektene til kommunane sidan 2016 i følge kommunane sitt sentralforbund (KS). Som dei fleste andre kommunar merkar også Sula kommune dette. Smertegrensa er no nådd og det er ikkje lenger samsvar mellom det vi har av inntekter og det tenestene til innbyggjarane kostar.

Sula kommune har over fleire år vore blant dei 10-20 kommunane i landet med lågaste inntekter. Dette har tvinga fram ei effektiv drift i alle tenesteområda.

Det er ikkje nytt at vi over fleire år har hatt utfordringar med realistiske budsjetttrammer til drift av tenestene, men vi har vore heldig og blitt berga av høgare inntekter enn forventa. Dette har gjort at vi samla sett har gått i balanse, og også med overskot som har blitt sett av til fond.

Dei positive og uventa inntektene har gjort at ein har unngått å måtte gjennomføre vanskelege og upopulære kutt i allereie svært effektive tenester. Endringane i den globale og nasjonale økonomien gjer at dei høge ekstraintektene no er borte. Vi må no handtere prisstiging og renteauke og store delar av det opparbeidde fondet må nyttast til å saldere budsjettet i økonomiplanperioden.

Prognose i tertialrapport 2 syner at vi i 2024 vil måtte bruke 45 million kroner av fonda våre for å gå i balanse (sjå meir omtale i note 20 i økonomiplan for drift). Dersom dette held fram vil sparekontoen vår vere tom innan 2028, og vi vil bli sett under statleg styring (ROBEK). Situasjonen er utfordrande og inneber vanskelege val og vi må no gjere fleire parallelle grep som både reduserer utgiftene og som aukar inntektene.

Når det gjeld inntektssida er det eventuelt eigedomsskatt som kan bidra til meirinntekter for Sula kommune. I ein situasjon der innbyggjarane i Sula allereie betaler i øvre sjikt i andre kommunale gebyr er det utfordrande å måtte vedta ei auke i denne skatten.

Når det gjeld utgiftsnivå viser analysar at Sula kommune er ei av dei mest effektivt drifta kommunane i landet. Dette gjer at det er svært utfordrande å redusere nivået på tenester innbyggjarane har krav på til eit likeverdig nivå med innbyggjarar i andre kommunar. Tenestene er i tillegg strengt regulert av statlege føringar, og det lokalpolitiske handlingsrommet til meir kreative eller effektive løysingar er lite.

Parallelt med dette er også Sula kommune påverka av den nasjonale utfordringa med mangel på kompetanse/rekrutteringsutfordring. Dette bringer oss til ei erkjenning av at løysinga på utfordringane ikkje lenger berre handlar om kroner og øre, men også om korleis vi skal organisere velferdssamfunnet framover på radikalt nye måtar.

**Innbyggjarar** vil kanskje oppleve at det vert endringar i tenestene dei er vande med få. Dei vil bli utfordra på å ta andre og meir aktive val for eiga helse og kvar dei skal bu når dei vert eldre. Vi vert også avhengig av at enno fleire vil bidra til frivillig innsats til det beste for lokalsamfunnet.

**Våre tilsette** som er kommunen sin viktigaste ressurs er avgjerande for å kunne lukkast med den nødvendige omstillinga. Dei gjer sitt beste kvar dag for å sikre gode tenester, og kjem til å bli utfordra på å vere med på nye måtar å gje tenestene på i framtida. Dei må oppleve å få tillit og friheit til å løyse dei daglege oppgåvene i samhandling med innbyggjarane på ein god måte. Samtidig vil dei oppleve at det vert tatt overordna prioriteringar som dei kanskje fagleg sett er usamde i.

**Politikarar** i Sula vil oppleve å måtte ta vanskelege val. Dei skal balansere mellom å vere ombodsmenn for enkeltinnbyggjarar og enkeltsaker og samtidig ta avgjerder som gagnar heilskapen. Det handlar om å velje og å velje bort, vanskeleg prioriteringar og om å ha mot og vilje til å ta avgjerder. Kommunen sin administrasjon skal leggje til rette for at politikarar har innblikk i og kunnskap om heilskapen slik at dei kan gjere verdival utifrå sin politiske ståstad og at demokratiske prosessar på denne måten vert respektert og ivaretatt.

Dei nærmaste åra kjem også til å by på mange mogelegheiter. Vi kjem til å velje nye løysingar på dei nye utfordringane. Nokre av vala kjem til å vere krevjande, medan andre vil opplevast som ein vinn-vinn situasjon fordi vi spelar på lag med andre samfunnsaktørar i arbeidet. I dette budsjett og økonomiplandokumentet er det foreslått løysingar som omhandlar både investeringstiltak og driftstiltak. Nokre av tiltaka vil ha effekt på kort sikt og andre på lang sikt. Tiltaka som er foreslått er i samsvar med dei nyleg vedtekne strategiane til kommunen; [eigedomssstrategi](#), [strategi for heilskapleg innsats](#) og [langsiktig drifts- og investeringsstrategi](#).

***Vi har det som skal til:*** engasjerte innbyggjarar og aktive frivillige, eit spanande næringsliv som ønskjer å spele på lag om samfunnsutviklinga, engasjerte og ansvarlege politikarar, dyktige og kompetente medarbeidarar og eit godt samarbeid med dei tillitsvalde og verneombod.

*Vi ønskjer kvarandre lukke til med arbeidet!*

## 2. Ord og omgrep i budsjett og økonomiplanen

Budsjett og økonomiplanen er ein sentral del av Sula kommune si heilskaplege styring. Den skal gje ei realistisk oversikt over forventa inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden. Planen består av ein driftsdel og ein investeringsdel. Det første året legg rammene for årsbudsjettet der bevillingane er bindande, medan dei resterande åra gjev rammer for å planlegge dei seinare budsjettåra.

I «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner» er det bestemt kva for oppstillingar som er obligatoriske i budsjett og økonomiplan:

**Bevilgningsoversikt drift jf § 5-4, 1 ledd:** Oppstillinga startar med ei oversikt som syner kommunen sine frie disponible inntekter. Dette er inntekter som ikkje knyt seg til bestemte formål i budsjettet, der kommunestyret avgjer kva midlane skal gå til. Inntekter som er knytt til bestemte formål er inkludert i rammene til dei ulike budsjettområda (øyremerka tilskot, sjukelønnsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr). Under frie disponible inntekter finn vi skatt på inntekt og formue, rammetilskot frå staten, eigedomsskatt og andre inntekter som til dømes integreringstilskotet. Dei frie inntektene skal dekke «sum bevilgninger drift» (**post 6** i oppstilling), samt netto finansutgifter (rente- og avdragsutgifter fråtrekt renteinntekter, utbytte og avkastning).

**Bevilgningsoversikt drift jf § 5-4, 2 ledd:** Løyvingane til kvart budsjettområde er spesifisert i denne oversikta. Dette er altså ein spesifisering av **post 6** (sum bevilgninger drift) i førre oppstilling. Eit budsjettområde er summen av dei einingane som arbeider med oppgåveløysing innanfor same sektor. F.eks. så høyrer barnehagar, skule, vaksenopplæring og TBU (Tiltakseining for Barn og Unge) inn under same kommunalområde/budsjettområde i Sula kommune. Rammene per budsjettområde er nettorammer. Dette vil seie at rammene er inkludert inntekter som er direkte knytt til dei aktuelle tenestene, som øyremerka tilskot, sjukelønnsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr. Kommunestyret vedtar rammene for dei enkelte budsjettområda medan det er kommunedirektøren som har ansvaret for den interne fordelinga mellom einingane i det einskilde budsjettområdet. Dette vil seie at det er kommunestyret som avgjer kor mykje kommunen skal nytte til kvart kommunalområde, medan det er kommunedirektøren som avgjer fordelinga av desse rammene mellom einingane innan kvart område som t.d. kvar barnehagane eller kvar skule. Dette vert gjort fordi fordelingsnøkklane mellom dei ulike einingane baserer seg på årlege svingingar i behov som t.d. elevkull, enkelttiltak osv. som skal sikre likeverdig handsaming innanfor det kommunestyret samla sett prioriterer til området. Vidare vil kommunedirektøren via kommunalsjefane delegere ansvaret for disponeringa av ramma ned til kvar enkelt einingsleiar som avgjer korleis ramma skal nyttast for å best mogeleg oppnå dei mål og krav som er sett til eininga.

**Bevilgningsoversikt investering jf § 5-5, 1 ledd:** Oppstillinga viser kommunen sine investeringar i varige driftsmidlar (skule, barnehage, omsorgsbustadar etc.) og andre investeringsutgifter som utlån av midlar. **Post 6** i oppstillinga viser «Sum investeringsutgifter». Oppstillinga viser vidare korleis investeringane er finansiert. Kommunen har ulike finansieringskjelder; bruk av lån, kompensasjon for meirverdiavgift knytt til investeringsutgifter, tilskot, sal av varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar, overføring frå drift etc.

**Bevilgningsoversikt investering jf § 5-5, 2 ledd:** Oppstillinga er ein spesifikasjon av **post 6** (sum investeringsutgifter) i førre oppstilling og spesifiserer kommunestyret si bevilgning til investering på kvart budsjettområde.

**Brutto driftsresultat;** Brutto driftsresultat betyr dei samla driftsinntektene minus utgiftene som er knytt til den årlege drifta av kommunen (inkludert avskrivningar). Eit godt brutto driftsresultat kan nyttast til å svare for høge rente- og avdragsutgifter som følge av høg lånegjeld, til eigenkapital i investeringar, til å handtere uføresette utgifter og sviakt i inntektene eller til inndekking av underskot frå tidlegare år.

**Netto driftsresultat ;** Netto driftsresultat syner kva som er igjen etter at alle utgifter (dvs. lønns- og driftsutgifter og rente- og avdragsutgifter) er trekt frå inntekter. Avskrivningane er eliminert ved at dei har ein motpost før netto driftsresultat. Netto driftsresultat syner kor mykje som kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk (disposisjonsfond), og er eit uttrykk for kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Staten legg til grunn at kommunane sett under eitt bør ha eit netto driftsresultat som utgjer minimum 1,75 prosent av driftsinntektene. Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. Eit svakt trekk ved indikatoren netto driftsresultat er at den ikkje gjev eit godt nok bilete av den meir langsiktige utviklinga i ein kommune sin økonomi. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil t.d. kunne påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag og ikkje avskrivningar inngår i resultatomgrepet, slik at kapitalslitet ikkje nødvendigvis vert tatt nødvendig omsyn til.

**Meir-/mindreforbruk;** Dette er botnlina i kommunebudsjett og -rekneskapen. Denne består av differansen mellom årets inntekter og utgifter (netto driftsresultat), av avsetningar til seinare bruk (fond) og bruk av tidlegare oppsparte midlar (fond) og overføring til investering. Dersom ei kommune får eit rekneskap med meirforbruk, må dette dekkast inn i løpet av dei neste to åra.

**Kva er KOSTRA?** KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon/ statistikk om kommunar. Ved hjelp av KOSTRA får vi eit grunnlag for å vurdere kommunane sin ressursbruk og for å kunne samanlikne seg med andre kommunar. Data vert rapportert 4 gonger i løpet av året. SSB publiserer ureviderte tall for kommunane 15. mars, og justerte tal 15. juni. I dette dokumentet finn du ein tabell som syner kommunen sin ressursbruk per tenesteområde


samanlikna med andre kommunar. I samband med årsmelding vert det naturleg å leggje fram meir detaljerte KOSTRA-tal

### 3. Nasjonale, regionale og lokale føringar for arbeidet med budsjett- og økonomiplanlegging

Kvart fjerde år lagar regjeringa eit dokument som heiter "[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)". Dette legg grunnlaget for korleis kommunane arbeider i komande valperiode. Kvart år vert [regionale føringar](#) oversendt via Statsforvaltaren. Her vert det presentert viktige styringssignal frå regionalt nivå, og forventningsbrev for 2024 vart kalla "Forstå di tid".

I vårt eige planverk skal både nasjonale forventningar og lokale behov bli tatt omsyn til , og i vår eigen samfunnsdel med tilhøyrande strategiar vert det sett retning for kommunen. Budsjett- og økonomiplanen som vert lagt fram av kommunedirektøren skal bidra til at vi arbeider systematisk mot måla som er vedtatt i vårt planverk.

#### Sula kommune sitt planverk:



**Samfunnsplanen** er under rulling. Framdrifta er i samsvar med vedtatt planprogram, og formannskapet skal avgjere om planen skal leggest ut til høyring i desember 2024.

**Eigedomstrategien** vart vedtatt i juni 2024, og fleire av tiltaka som er foreslått i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett- og økonomiplan har sin bakgrunn i denne.

**Langsiktig drift og investeringsstrategi** vart vedtatt 3. oktober 2024. Dette er ein strategi med 15 års horisont som skal bidra til at prioriteringane vi gjer kring drift og investeringar i Sula kommune skal bidra til berekraftige tenester og ein berekraftig økonomi over tid. Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett- og økonomiplan tek utgangspunkt i dei fire første åra i langtidsstrategien.

**Strategi for heilskapleg innsats (innsatstrapp og bustadtrapp)** vart vedtatt av kommunestyret 3. oktober 2024. Denne strategien legg føringar for korleis Sula kommune skal styre tenestene sine inn mot tidleg innsats. Målet er å redusere behovet for/utsette dei meir inngripande tenestene. Dette for å sikre meistring og livskvalitet for innbyggjarane på ein slik måte at det utset/reduserer behovet for kommunale tenester. Dette skal sikre at vi også i framtida skal evne å gje gode tenester til dei som treng det.

**Bak arbeidet med planar og strategiar** ligg det ein del kunnskapsinnhenting og analysar. Dette er kunnskapsgrunnlag som også, i tråd med kommunen sitt planverk, blir brukt til å utarbeide budsjett- og økonomiplan.

- [Kunnskapsgrunnlag for samfunnsplan](#) gir eit overblikk over status for kommunen, med utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter.
- [Kommuneindeksen 2023](#) utarbeida av Agenda Kaupang rangerar alle kommunar på parameter som effektivitet, kvalitet og kostnad.
- [Vedlegg 1 til langsiktig drifts- og investeringsstrategi](#) gir detaljert vurdering av status, behov og strategiske tiltak innan kvart kommunalområde per oktober 2024. Ei slik vurdering vil bli utarbeida årleg knytt til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi, og vil erstatte vurderingane på kvart kommunalområda som tidlegare har vore ein del av budsjett- og økonomiplanen.

Kort sagt kan ein seie at analysane syner at vi må løyse oppgåvene på nye måtar. Vi må våge å tenke langsiktig, heilskapleg og på tvers. Vi må også ha mot til å tenke stort nok til at løysingane våre vil monne.

### **Mogeleghetene Sula kommune må gripe framover kan oppsummerast slik:**

Vi må satse vidare på førebygging og tidleg innsats slik at enno fleire opplever å meistre både i barnehage, skule, og ikkje minst i å vere sjølvstendig så lenge som mogeleg i eigen heim. Vi må ha ein barnehage og skulestruktur som er attraktiv og som sikrar god kapasitetsutnytting innanfor det vi har av samla ressursar. Vi må stimulere til at det vert bygd fleire leilegheiter spesielt, men også eit større mangfald i bu tilbodet. Vi må utvikle gode bu-konsept for menneske med nedsett funksjonsevne, eldre, eller andre med behov for tilrettelegging.

For å lukkast med dette må vi ha ein aktiv og strategisk bustadpolitikk, og inngå samarbeid med private aktørar og husbanken slik at utbygging kan bli realisert. Tomter og bygg kommunen ikkje lenger har nytte av bør seljast, og inntekter nyttast til eigenkapital på investeringar i nødvendige kommunale føremålsbygg. For å sikre ønska

samfunnsutvikling må grunnleggjande teknisk infrastruktur vere på plass. Krava og forventningane er store og dette er eit område som framover vil utfordre oss både med tanke på kapasitet og kompetanse.

Vi må også vere ein attraktiv arbeidsgjevar som har tilsette som vil bli med på arbeidet med å skape framtida. Konkurransen og kompetansen er merkbar og regionale samarbeid vil vere ei del av løysinga også i framtida.

Å byggje framtidas samfunn kan ikkje kommunen gjere åleine. Vi må spele på lag med næringsliv, frivilligheit og innbyggjarar. Evne og vilje til samskaping vert difor ein enno viktigare kompetanse i framtida.

## 4. Økonomisk situasjon

### Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune:

1. Lave frie inntekter
2. Lavt kostnadsnivå på så godt som alle tenesteområda
3. Høg og aukande lånegjeld gir auka utgifter til rente og avdrag
4. Bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden

#### 1. Lave frie inntekter

Sula kommune har lave frie inntekter. Frie inntekter kan kommunar fritt disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar. Dei frie inntektene består i hovudsak av rammetilskot frå staten og skatt på inntekt og formue. Enkelte kommunar har i tillegg eigedomsskatt, inntekt frå konsesjonskraft, havbruksinntekter og fordel av differensiert arbeidsgivaravgift.

I kommuneproposisjonen (frå Kommunal- og distriktsdepartementet) blir det kvart år publisert ein oversikt over nivået på frie inntekter for alle av landets kommunar. Tabellen nedanfor er henta frå kommuneproposisjonen 2025. Tabellen viser nivået på frie inntekter i 2023 korrigert for variasjonar i utgiftsbehov. Tabellen viser prosent av landsgjennomsnittet av inntekt per innbyggjar. Landsgjennomsnittet = 100.

Kommune	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4
Sula kommune	95	91	91	90
Giske kommune	95	94	94	93
Ålesund kommune	98	96	96	95
Sykkylven kommune	94	92	93	94
Stranda kommune	96	96	97	98
Rauma	96	100	101	102

- **Alt. 1:** Korrigerede frie inntekter eksklusiv eigedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, kraftrettar og annan kraft for vidaresal

- **Alt. 2:** Korrigerede frie inntekter inklusiv eigedomsskatt, produksjonsavgift på vindkraft, netto inntekt frå konsesjonskraft, kraftrettar og annan kraft for vidareasal
- **Alt. 3:** Som i alternativ 2, pluss havbruksinntekter
- **Alt. 4:** Som i alternativ 3, pluss fordel av differensiert arbeidsgivaravgift

Rangert etter alternativ 4 så er Sula kommune den kommunen i Møre og Romsdal med lavast inntektsnivå. Det er 10 andre kommunar i landet som har eit inntektsnivå på 90 eller mindre.

Sula kommune skal levere dei same kommunale tenestene som andre kommunar. Dette må vi gjere for 90% av gjennomsnittleg inntekt. Dette er utfordrande for økonomien.

Nivå på eigedomsskatt er ein av forklaringane på endring i inntektsnivå frå alternativ 1 til alternativ 2:

Eigedomsskatt	Sats i 2024
Sula kommune	1 promille
Giske kommune	3 promille
Ålesund kommune	2 promille
Sykkylven kommune	3,2 promille
Stranda kommune	4 promille
Rauma kommune	4 promille

## 2. Lavt utgiftsnivå

Denne tabellen syner kor mykje meir/mindre Sula kommune skulle ha brukt/kunne ha spart per tenesteområde dersom vi hadde eit utgiftsnivå per tenesteområde som var på gjennomsnitt med kommunane i vår kostragruppe.

Område	Kostragruppe 1
Grunnskule	-32,6
Pleie og omsorg	16,2
Barnevern	-1,5
Barnehage	-2,2
Kommunehelse	-6,3
Sosiale tenester	-8,5
Kultur og idrett	-6,5
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	-0,7
Adm, styring og fellesutgifter	-6,0
Andre området	-2,9
<b>Totalt</b>	<b>-50,9</b>


Som tabellen syner har vi eit utgiftsnivå som ligg under gjennomsnittet i vår kostragruppe på omlag alle tenesteområde. Negativt tal syner kor mykje vi ligg under i mill. kroner.

På eitt område; pleie og omsorg, ligg vi over snittet i kostagruppera (16,2 mill. kroner over). Dette er det største tenesteområdet i kommunen og omfattar alle tenester innanfor pleie og omsorg. I ei djupdykkanalyse av dette området finn vi at det området som vi har høge kostnader til samanlikna med andre kommunar er til personar med funksjonsnedsettingar. Hovudårsaken til dette er at vi har ein lite egna bustadstruktur og butilbod til desse innbyggjarane. Sula kommune har tatt eit viktig første steg med å etablere Jetmundgarden. Vasset borettslag er også under etablering, og vidare treng vi endå fleire gode bukonsept som skal bidra til at også desse av våre innbyggjarar skal få oppleve å bu på måtar som sikrar sjølvstende og meistring.

### 3. Høg og aukande lånegjeld

Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i åra framover. Den største veksten i lånegjeld vil kome som følge av investering i nytt avløpsrensaneanlegg.

Grafen nedanfor viser utvikling i lånegjeld i perioden 2010-2024, og forventa auke i økonomiplanperioden 2025-2028.



- Den blå grafen viser samla lånegjeld. Samla lånegjeld var 330 mill. i 2010, 1.319 mill. i 2024, og er forventa å stige til 1.772 mill. i 2028.
- Den grå grafen viser lån til investering. Dette er samla lån fråtrekt startlån (vidareutlån). Lån til investeringar var 325 mill. i 2010, 1.236 mill. i 2024, og er forventa å stige til 1.601 mill. i 2028.
- Den lilla grafen viser lån til investering eksklusiv VAR. Den var på 250 mill. i 2010, 938 mill. i 2024, og er forventa å reduserast til 900 mill. i 2028.

- Den svarte grafen er lån til VAR (sjølvkost). Den var 74 mill. i 2010, 298 mill. i 2024, og er forventa å stige til 701 mill. i 2028.
- Den oransje grafen er startlån (vidareutlån). Den var 9 mill. i 2010, 83 mill. i 2024, og er forventa å stige til 171 mill. i 2028.
- Den grønne grafen viser lån vi har med rentekompensasjon frå Husbanken. Denne typen lån var på 64 mill. i 2010, 31 mill. i 2024, og forventa 15 mill. i 2028.

VAR sin del av lån til investeringar aukar frå 22% i 2022 til 44% i 2028. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i kommunale gebyr.

Tabellen nedanfor viser splitten mellom lån til ordinær drift (eksklusiv VAR) og lån til VAR i perioden 2022-2028. Den viser også utvikling i rente- og avdragsutgifter.

Rente- og avdragsutgifter (eksklusiv VAR) har auka frå 49 mill. i 2022 til 75 mill. i 2024. Dette skuldast auke i rentenivå. I økonomiplan 2025-2028 vil lånegjeld (eksklusiv VAR) bli redusert i 2026 og 2027 før den aukar igjen i 2028. Grunnen til at lånegjeld (eksklusiv VAR) blir redusert i 2026 og 2027 er at budsjetterte avdrag er høgare enn budsjetterte låneopptak til nye investeringar.

Budsjetterte rente- og avdragsutgifter i 2025 er på nivå med 2024. I 2026-2028 er rente- og avdragsutgiftene (eksklusiv VAR) lågare enn i 2025. Dette har samanheng med forventa rentenedgang. **Note 8** til økonomiplan drift, spesifiserer budsjettert rentenivå i økonomiplanperioden.

Lån til investering	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Lån eksklusiv VAR	943 000 000	911 000 000	938 000 000	945 000 000	885 000 000	863 000 000	900 000 000
Lån VAR	264 000 000	274 000 000	298 000 000	401 000 000	572 000 000	700 000 000	701 000 000
<b>SUM</b>	<b>1 207 000 000</b>	<b>1 185 000 000</b>	<b>1 236 000 000</b>	<b>1 346 000 000</b>	<b>1 457 000 000</b>	<b>1 563 000 000</b>	<b>1 601 000 000</b>
Andel VAR av lån til inv.	22 %	23 %	24 %	30 %	39 %	45 %	44 %

Rente- og avdragsutgifter	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028
Frå lån eksklusiv VAR	49 000 000	65 700 000	74 800 000	75 600 000	68 800 000	65 100 000	65 000 000
Frå lån VAR	19 200 000	22 000 000	22 300 000	24 100 000	32 000 000	42 600 000	48 900 000
<b>SUM</b>	<b>68 200 000</b>	<b>87 700 000</b>	<b>97 100 000</b>	<b>99 700 000</b>	<b>100 800 000</b>	<b>107 700 000</b>	<b>113 900 000</b>

Veksten i rente og avdragsutgifter på VAR-området fører til auke i gebyrnivå. Budsjettert gebyrutvikling framgår av **note 17** til økonomiplan investering.

Tabellen nedanfor viser utvikling i gjennomsnittleg rente på vår låneportefølje frå 01.01.22 til 31.08.24.

	01.01.2022	31.08.2022	31.12.2022	30.04.2023	31.08.2023	31.12.2023	30.04.2024	31.08.2024
Gj. snitt rente	1,43 %	1,93 %	2,62 %	2,84 %	3,28 %	3,58 %	3,66 %	3,67 %

Budsjettert gjennomsnittleg rente for 2025 er 3,59 % (ref. note 8 til økonomiplan drift).

#### 4. Bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden

I 2023 blei det brukt 14 mill. av disposisjonsfondet. Den økonomiske prognosen ved 2. tertial er bruk av disposisjonsfond på 45 mill. for 2024. Ved utgangen av 2023 har Sula kommune eit disposisjonsfond på 132 mill. Ved årleg bruk av disposisjonsfond på 45 million kroner vil disposisjonsfondet vere tomt i løpet av 2027. For å unngå dette er det i kommunedirektøren sitt budsjettforslag lagt inn både innsparing (omstilling av drift) samt auke i eigedomsskatt.

I budsjett 2025 blir det foreslått ei innsparing på ca. 10 mill. samt å auke promillen for eigedomsskatt frå 1 til 2 promille. Med desse grepa viser budsjettet eit budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2025 på 23,3 mill.

I økonomiplanperioden er det foreslått ei vidare auke i eigedomsskatten til 3 promille i 2026 og 4 promille i 2027. Med desse føresetnadane viser åra 2027 og 2028 eit lite overskot. Sum bruk av disposisjonsfond i kommunedirektør sitt forslag til økonomiplan er 1 mill.

Oppdatert etter vedtak i kommunestyret 05.12.24: Det blei vedtatt å halde eigedomsskatten uendra på 1 promille i 2025. I 2026-2028 vart eigedomsskatten satt til 2 promille (eigedomsskatt for påfølgande år må vedtas kvart år). Det blei vidare vedtatt eit auka innsparingskrav på 6 mill i 2025. Etter vedtak i kommunestyret er budsjettert bruk av disposisjonsfond 27 mill i 2025 og 38,7 mill i økonomiplanperioden.

### Utvikling i driftsresultat for perioden 2021-2024

I perioden 2021-2024 har det vore ei gradvis forverring av netto driftsresultat. Det er to årsaker til dette. Den eine er nedgang i oppgåvekorrigerede frie inntekter. Den andre er auke i utgiftsnivå (både driftsutgifter og finansutgifter).

#### Utvikling i oppgåvekorrigerede frie inntekter


Tabellen nedafor viser utvikling i oppgåvekorrigerede frie inntekter for Sula kommune. Dei frie inntektene er justert for lønns- og prisvekst (kommunal deflator) slik at alle beløpa er i «prisnivå» 2024. Tabellen viser ein nedgang i frie inntekter i denne 4-årsperioden:

Korr. frie inntekter	2021	2022	2023	2024
Rammetilskot	347 279 449	313 129 695	340 135 708	335 955 000
Inntektsutjamning	56 847 698	66 859 096	66 963 132	66 249 000
Skatteinntekter	317 900 457	331 062 590	295 759 061	293 240 000
<b>SUM frie inntekter</b>	<b>722 027 605</b>	<b>711 051 381</b>	<b>702 857 901</b>	<b>695 444 000</b>
<b>Endring frå 2021</b>		<b>-10 976 224</b>	<b>-19 169 703</b>	<b>-26 583 605</b>
<b>% endring frå 2021</b>		<b>-1,5 %</b>	<b>-2,7 %</b>	<b>-3,7 %</b>

Nedgangen i frie inntekter for Sula kommune er omtrent lik som gjennomsnittlig endring for andre kommuner i landet.

Grafen nedanfor er henta frå KS sin presentasjon i møte med kommunane 15.10.2024. Den viser utvikling i oppgåvekorrigerede frie inntekter samla for alle kommuner frå 2016 til 2024. Som det framgår av grafen er det ein nedgang for perioden 2021 til 2024.

Figur frå KS som viser utvikling av frie inntekter på landsbasis



### Utvikling i utgiftsnivå 2021-2024

Tabellen nedafor viser utvikling i netto driftsutgifter for perioden 2021 til 2024. Det er gjort følgande justeringar i tala for å gjere dei samanliknbare mellom år:

- Netto driftsutgifter på kommunalområda er justert for premieavvik og amortisering av premieavvik knytt til pensjon (blir ført sentralt, men «tilhøyrar». pensjonskostnaden)
- Netto driftsutgifter er korrigerert for lønns- og prisvekst (kommunal deflator), slik at alle tala er i «prisnivå» 2024.

Kommunalområde	Regnskap 2021	Regnskap 2022	Regnskap 2023	Prognose 2024
Organisasjon og utvikling	55 353 178	54 501 405	57 485 841	60 837 743
Kultur og oppvekst	305 678 682	307 290 350	315 816 699	332 956 362
Helse og mestring	306 119 192	310 420 197	338 842 662	342 967 166
Samfunn (ekslusiv VAR)	37 262 148	36 732 679	34 729 193	38 658 011
VAR (sjølvkost)	-17 048 382	-24 281 413	-23 411 254	-26 953 368
Politisk styring	6 129 336	5 260 186	6 885 834	6 116 004
<b>SUM</b>	<b>693 494 155</b>	<b>689 923 404</b>	<b>730 348 974</b>	<b>754 581 918</b>

Det som i hovudsak forklarar auka i netto driftsutgifter er oppgåveendringar (nye oppgaver som blir finansiert av auke i rammetilskot), samt kostnader til nye tiltak vedtatt av kommunestyret. Det har også vore ei auke i driftsnivå knytt til auke i tenestebehov.

Nedanfor kjem ei forklaring per kommunalområde:

Organisasjon og utvikling
Auke frå 2022 til 2023 på ca 3 mill følger i stor av vedtatte tiltak/endingar i budsjett 2023 på til saman 2,7 mill (IKT støtte og support, IKT felles endepunktssikring, maling av Indre sula kyrkje, eigedomsutvikling, organisasjonsutvikling)
Auke frå 2023 til 2024 på ca 3 mill skuldast i stor grad at antal årsverk er 3 høgare enn i 2023. Ny IKT medarbeider (iht budsjett), samfunnsplanegger (budsjettmidler flytta frå samfunn), og medarbeider knytt til teknisk hjelpemidler (budsjettmidler flytta frå helse og eigedom). Utgifter til lisensar til dataprogram (bokført på IKT) har også auka.

Kultur og oppvekst
<b>Endring frå 2021 til 2022:</b> Driftsnivå i 2022 auka med 1,6 mill samanlikna med 2021. Ei forklaring på auke i netto driftsutgifter er redusert foreldrebetaling i SFO pga gratis SFO (12 t) for 1. trinn frå august 2022. Sula kommune fekk 1,4 mill i auka rammetilskot som kompensasjon for dette. Tilsvarande beløp blei tilført budsjettet til oppvekst.
<b>Endring frå 2022 til 2023:</b> Driftsnivå i 2023 auka med 8,5 mill samanlikna med 2022. Dette forklaras i stor grad av statlig bestemte oppgaveendinger (ca 5,7 mill), samt auke i kostnader knytt til leasing av Ipadar (ca 1,2 mill) .  Oppgaveendingane medfører både auke i utgifter og auke i rammetilskot. I 2023 utgjorde denne type oppgaveendinger totalt 5,7 mill i auka rammetilskot (og auka budsjett for oppvekst). Dette gjaldt: * 3,1 mill i kompensasjon for redusert foreldrebetaling i SFO knytt til gratis deltids plass i 1 klasse (heilårseffekt av vedtak i 2022), samt kompensasjon for redusert foreldrebetaling i SFO knytt til gratis deltids plass for 2. klasse frå haust 2023. * 1 mill i kompensasjon knytt til aukte kostnader i forbindelse med barnevernsreforma * 1,5 mill i kompensasjon for redusert foreldrebetaling i barnehagen som følge av reduksjon i makspris
<b>Endring frå 2023 til 2024:</b> Driftsnivå i 2024 auka med 17 mill samanlikna med 2023. Dette kan i stor grad forklaras med statlig bestemte oppgaveendinger (ca 7 mill), samt auke i utgiftsnivå på skule (ca 5 mill) og barnevern (ca 5 mill). Utgiftsauke i skulane er i stor grad knytt til lovpålagte og kostbare tiltak mot enkeltelevar som treng ekstra oppfølging. Utgiftsauke i barnevern er knytt til konstnadskrevjande tiltak, samt tilrettelegging i barnehage (barnehagelova § 37, barn med nedsett funksjonsevne). Når det gjeld oppgaveendingar på totalt 7 mill så er det knytt til dette: * 3,6 mill i kompensasjon knytt til gratis deltids plass 2. klasse (heilårseffekt av ending i 2023), samt kompensasjon knytt til gratis deltids plass 3. klasse frå hausten 2024. * 3,1 mill i kompensasjon knytt til reduksjon i makspris i barnehage * 0,4 mill: Sum av andre mindre oppgaveendingar.

## Helse og mestring

**Endring frå 2021 til 2022:** Driftsnivå i 2022 auka med 4,3 mill samanlikna med 2021. Dette kan i stor grad forklarast med auke i utgifter knytt til ressurskrevjande brukerar. Refusjon frå staten knytt til ressurskrevjande brukerar auka med ca tilsvarande beløp (5 mill). Refusjonen blei bokført sentralt i 2022 medan utgiftene blei bokført på helse og mestring.

**Endring frå 2022 til 2023:** Driftsnivå i 2023 auka med ca 28 mill samanlikna med 2022. Forhold som i hovedsak forklarar auka er:

\* Utgifter til integreringstenesta for flyktningar auka med 7,2 mill frå 2022 til 2023. Dette må sjåast i samanheng med at integreringstilskot for flyktningar auka med nesten tilsvarande beløp (6,8 mill) frå 2022 til 2023. Utgiftene til integreringstenesta for flyktningar bokføres på helse og mestring, medan integreringstilskot bokføres sentralt.

\* Utgifter til ressurskrevjande brukerar auka samanlikna med 2022. Dette må sjåast i samanheng med auke i refusjon ressurskrevjande brukerar (bokført sentralt). Auka i refusjon var på 6,8 mill. Berre 80% av utgiftene (etter innslagspunkt) blir refudert. Det betyr at utgiftene har økt meir enn refusjonen. Estimert auke i utgifter (basert på auke i refusjon) er ca 8,5 mill

\* NAV: Utgifter til utbetaling av sosialhjelp auka med ca 1 mill samanlikna med 2022

\* Helseplattformen: Det påløpte ein del ekstraavgifter (kurs, overtid, vikarinneleige osv) i 2023 knytt til innføring av helseplattformen. Desse ekstraavgiftene blei utgiftsført på prosjektkode og utgjorde ca 3,5 mill i 2023

\* Auke i utgifter som følge av vedtatte tiltak i budsjett 2023: I budsjett 2023 blei det vedtatt ei budsjettauke på ca 4 mill knytt til nye tiltak. Dette gjaldt blandt anna styrking i basistilskot for fastlegar (finansiert med auke i rammetilskot), barnekorrdinator (finansiert med auke i rammetilskot), ny kommunal fysioterapistilling, auke knytt til psykisk helse m.m.

\* Punkta ovanfor forklarar ca 24 mill i auka frå 2022 til 2023. Resterande auke på 4 mill kan forklarast med auke i etterspørrel etter tenester, både i omfang og kompleksitet.

**Endring frå 2023 til 2024:** Driftsnivå i 2024 er auka med ca 4 mill samanlikna med 2023. Korrigert for ekstraavgiftene i 2023 knytt til innføring av helseplattformen på 3,5 mill så har driftsnivået auka med ca 7,5 mill. Dette forklarast i stor grad av vedtatt budsjettauke knytt til nye tiltak i budsjett 2024 på totalt 6,4 mill. Dette gjaldt blandt anna etablering av miljøterapeutisk teneste i heimetenesta, driftstilskott fysioterapi, kulturkarusell for eldre, styrking basistilskot fastlegar (finansiert av auke i rammetilskot), auka innsats demensteam mm.

## Samfunn

Driftsnivå blir blant anna påverka av endring i årlege bevilgningar knytt til spesifikke tiltak. Dette kan f.eks vere arbeid/kjøp av tenester i forbindelse med reguleringsplan, og det kan vere ekstrabevilgningar knytt til spesifikke reperasjoner og vedlikehald (slik som f.eks. reperasjon av fasade på gymbygget i 2024, estimert til ca 2 mill).

I perioden 2021-2024 ser vi likevel at driftsnivået samla sett er ganske stabilt. Driftsnivå for 2024 er ca på nivå med driftsnivå i 2021.

## Politisk styring

Driftsnivå for politisk styring er forholdsvis stabilt frå år til år. Svingningar i utgiftsnivå heng til ein viss grad saman med kva for år det er valg. Utgifter til gjennomføring av eit val er på rundt 500.000kr. I tillegg vil det kome ytterlegare utgifter i år der det er kommunestyreval. Då kjem det f.eks utgifter til politikeropplæring.

## Utvikling i netto finansutgifter 2021-2024

Tabellen nedanfor viser utvikling i netto finansutgifter. Netto finansutgifter består av renteinntekt og avkastning, samt rente og avdragsutgift.

Netto finansugifter	2021	2022	2023	2024
Renteinntekter	3 103 384	5 641 770	8 220 961	7 400 000
Avkastning	8 014 791	-1 568 584	14 997 788	18 000 000
Renteutgifter	16 588 408	23 200 538	39 692 451	49 000 000
Avdragsutgifter	45 000 000	45 000 000	48 000 000	48 000 000
<b>Netto finansugifter</b>	<b>50 470 233</b>	<b>64 127 352</b>	<b>64 473 702</b>	<b>71 600 000</b>

Det er utvikling i renteutgifter som forklarar det meste av auka i netto finansutgifter frå 2021 til 2024.

## Utvikling i netto driftsresultat 2021-2024

Tabellen nedanfor viser utvikling i netto driftsresultat i perioden 2021-2024. I 2021 var det eit positivt netto driftsresultat på 32 mill. For 2024 viser prognosen eit negativ driftsresultat på om lag 45 mill.

Netto driftsresultat	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	32 100 000	18 800 000	-13 600 000	-45 400 000
<b>Endring frå 2021</b>		<b>-13 300 000</b>	<b>-45 700 000</b>	<b>-77 500 000</b>

Dei to postane som utgjer hovudforklaringa på endring i driftsresultat er reduksjon i frie inntekter samtidig som netto finansutgifter har auka. Tabellen nedanfor forklarar endring på 77,5 mill i driftsresultat frå 2021 til 2024 (prognose):

Forklaring på endring i netto driftsresultat frå 2021 til 2024	Beløp
Reduksjon i oppgavekorrigerare frie inntekter	-26 600 000
Auke i netto finansutgifter	-21 000 000
Auke knytt til vedtatte nye driftstiltak utan statleg finansiering *	-16 400 000
Andre endringar (f.eks knytt til auke i tenestebehov)	-13 500 000
<b>Sum endring frå 2021 til 2024</b>	<b>-77 500 000</b>

\* Nye driftstiltak som er vedtatt i perioden 2022-2024 er f.eks kulturkarusell på skulen, kulturkarusell for eldre, auke i utgifter til leasing lpad i oppvekst, årleg tilskot til kultur og idrettsformål, Helseplattformen, etablering av miljøterapeutisk teneste, kommunal fysioterapistilling m.m

## 5. Finansielle måltal

I tråd med kommunelova § 14-2 bokstav c, skal kommunestyret vedta finansielle måltal for utviklinga i kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala blir vedtatt kvart år i forbindelse med budsjettbehandling. Sula kommune har finansielle måltal knytt til netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld.

I saka «Budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028» (K-107/24) blei følgjande vedtatt:

*“Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivarettatt over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:*

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 130% innan 2034 (ca 1,3 milliard) og under 100% (ca 1 milliard) innan 2041.
- Netto lånegjeld (ekslusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (ekslusiv VAR) skal under 90% innan 2034 (ca 0,9 milliard) og under 80% innan 2041 (ca 0,8 milliard).

Tabellane nedanfor viser korleis dei finansielle måltala har utvikla seg i perioden 2019-2023, samt prognose for 2024 og for økonomiplanperioden 2025-2028 (etter budsjettvedtak 05.12.24).

### Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat består av løpande inntekter fråtrekt løpande utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse og det seier noko om kommunen sin økonomiske handlefridom.

Sula kommune 2019 - 2028	Beløp	Nøkkeltalet Sula	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostrargruppe 1
Netto driftsresultat 2028	-4 671 767	-0,4 %				
Netto driftsresultat 2027	-4 129 526	-0,4 %				
Netto driftsresultat 2026	-2 931 821	-0,3 %				
Netto driftsresultat 2025	-21 303 844	-2,1 %				
Netto driftsresultat 2024	-42 000 000	-4,4 %				
Netto driftsresultat 2023	-13 631 200	-1,4 %	2,5 %	0,3 %	0,8 %	-0,8 %
Netto driftsresultat 2022	18 760 642	2,1 %	2,9 %	1,9 %	3,0 %	1,6 %
Netto driftsresultat 2021	32 089 880	3,8 %	0,4 %	1,8 %	4,3 %	3,6 %
Netto driftsresultat 2020	-3 807 858	-0,5 %	-1,7 %	1,0 %	2,7 %	0,9 %
Netto driftsresultat 2019	4 693 730	0,7 %	-2,5 %	-0,7 %	1,9 %	0,3 %

Eit positivt driftsresultat gir moglegheit til å iverksette strategiske driftstiltak på kort sikt som igjen vil kunne gi positiv effekt for drift på lengre sikt.

### Disposisjonsfond:

Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot.

Sula kommune 2019 - 2028	Beløp	Nøkkeltal Sula
Disposisjonsfond 2028	47 698 652	4,4 %
Disposisjonsfond 2027	52 370 419	4,9 %
Disposisjonsfond 2026	56 499 945	5,3 %
Disposisjonsfond 2025	59 431 766	5,9 %
Disposisjonsfond 2024	86 443 610	9,0 %
Disposisjonsfond 2023	131 793 610	14,0 %
Disposisjonsfond 2022	145 400 366	16,3 %
Disposisjonsfond 2021	125 197 074	14,8 %
Disposisjonsfond 2020	99 357 401	12,7 %
Disposisjonsfond 2019	84 807 153	11,2 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra-gruppe 1
1,8 %	9,3 %	13,3 %	10,4 %
2,0 %	10,1 %	14,7 %	12,0 %
0,3 %	8,9 %	13,5 %	11,3 %
0,9 %	8,0 %	11,7 %	9,6 %
1,9 %	7,7 %	10,7 %	8,7 %

Disposisjonsfondet gir moglegheit på mellomlang sikt til å primært gjennomføre driftstiltak som vil kunne gi positiv effekt for drift på lengre sikt. Sekundært som eigenkapital for å gjennomføre strategiske investeringstiltak.

Ein viss størrelse på disposisjonsfondet er heilt nødvendig for å sikre økonomisk handlefridom. Disposisjonsfondet er også nødvendig som ein buffer til uføresette utgifter, endringar i rammevilkår eller andre uføresette endringar.

### Netto lånegjeld:

Netto lånegjeld er total lånegjeld minus vidareutlån og ubrukte lånemidlar.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antydgar at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014.

Sula kommune 2019 - 2028	Beløp	Nøkkeltal Sula
Netto lånegjeld 2028	1 601 484 872	148,5 %
Netto lånegjeld 2027	1 563 135 372	146,2 %
Netto lånegjeld 2026	1 456 773 705	137,6 %
Netto lånegjeld 2025	1 346 499 021	132,8 %
Netto lånegjeld 2024	1 135 769 021	118,8 %
Netto lånegjeld 2023	1 125 501 158	119,2 %
Netto lånegjeld 2022	1 112 221 028	124,4 %
Netto lånegjeld 2021	1 000 251 266	117,9 %
Netto lånegjeld 2020	910 614 723	116,5 %
Netto lånegjeld 2019	917 588 895	118,8 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra-gruppe 1
110,2 %	110,7 %	88,8 %	94,3 %
104,3 %	112,4 %	88,1 %	96,5 %
101,5 %	112,2 %	87,3 %	96,2 %
102,4 %	110,8 %	89,1 %	97,6 %
100,0 %	108,8 %	85,4 %	94,3 %

I åra framover vil det bli ei kraftig auke lånegjeld knytt til VAR-området pga. investering i nytt avløpsrensaneanlegg. Kommunale gebyrinntekter vil også auke som følge av dette. VAR-området vil derfor påvirke dei finansielle måltala i større grad enn tidlegare.

Tabellane nedanfor viser dei finansielle måltala splitta mellom ordinær drift og VAR:

<b>2025</b>	<b>Ordinær drift</b>	<b>VAR</b>	<b>SUM</b>	<b>Nøkkeltal ordinær drift</b>	<b>Nøkkeltal VAR</b>	<b>Nøkkeltal SUM</b>
Netto driftsresultat	-27 011 844	5 708 000	-21 303 844	-2,9 %	7,6 %	-2,1 %
Disposisjonsfond	59 431 766	0	59 431 766	6,3 %	0,0 %	5,9 %
Netto lånegjeld	945 499 021	401 000 000	1 346 499 021	100,7 %	535,5 %	132,8 %

<b>2026</b>	<b>Ordinær drift</b>	<b>VAR</b>	<b>SUM</b>	<b>Nøkkeltal ordinær drift</b>	<b>Nøkkeltal VAR</b>	<b>Nøkkeltal SUM</b>
Netto driftsresultat	-2 931 821	0	-2 931 821	-0,3 %	0,0 %	-0,3 %
Disposisjonsfond	56 499 945	0	56 499 945	5,8 %	0,0 %	5,3 %
Netto lånegjeld	884 278 071	572 495 634	1 456 773 705	90,7 %	690,7 %	137,6 %

<b>2027</b>	<b>Ordinær drift</b>	<b>VAR</b>	<b>SUM</b>	<b>Nøkkeltal ordinær drift</b>	<b>Nøkkeltal VAR</b>	<b>Nøkkeltal SUM</b>
Netto driftsresultat	-4 129 526	0	-4 129 526	-0,4 %	0,0 %	-0,4 %
Disposisjonsfond	52 370 419	0	52 370 419	5,4 %	0,0 %	4,9 %
Netto lånegjeld	863 315 261	699 820 111	1 563 135 372	88,4 %	759,7 %	146,2 %

<b>2028</b>	<b>Ordinær drift</b>	<b>VAR</b>	<b>SUM</b>	<b>Nøkkeltal ordinær drift</b>	<b>Nøkkeltal VAR</b>	<b>Nøkkeltal SUM</b>
Netto driftsresultat	-4 671 767	0	-4 671 767	-0,5 %	0,0 %	-0,4 %
Disposisjonsfond	47 698 652	0	47 698 652	4,9 %	0,0 %	4,4 %
Netto lånegjeld	900 207 507	701 277 365	1 601 484 872	91,9 %	711,8 %	148,5 %

## 6. Parallele grep for berekraftige tenester innanfor ein berekraftig økonomi

Utfordringsbilete er stort og det må gjerast parallelle grep for å hindre at vi vert sett under statleg styring. Dei parallelle grepa som er skissert nedanfor er forventta å gi ein innsparingseffekt på 10 mill. kroner i 2025.

### 1) **Fortløpande kostnadskutt**

Det må gjennomførast fortløpande kostnadskutt i 2025 og i økonomiplanperioden. Døme på dette er å redusere i sørvisnivå, nedprioritere oppgåver, redusere årsverk gjennom naturlege avgangar, avslutte medlemskap og støtteordningar, redusere bruk av private tenester som til dømes vikarbyrå, reduksjon av kostandar til møter og møtefasilitering, kompetansehevingstiltak og reiseutgifter. Dersom kutta er prinsipielle vil dei bli lagt fram til politisk handsaming. (t.d. utmelding av strategiske samarbeid).

### 2) **Effektivisering av drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats**

Strategi for heilskapleg innsats skal omsettast til konkrete prosjekt og tiltak som på sikt skal bidra til ei venstreforskyving i innsatstrappa der styrking av dei lågaste trinna skal redusere behova for dei meir inngripande tenestene.

### 3) **Effektivisering av drifta som følgje av investeringstiltak**

Investeringstiltaka er omtalt under tiltaksplan for investering. Nokre av desse investeringane vil gje meir effektiv drift, og innsparing er lagt inn i planperioden.

Parallelt med dette vert det arbeidd med å skaffe inntekter ved sal av kommunale bygg og tomter som kommunen ikkje har interesse av å utvikle sjølv, men overlate det til private.

Sal av eigedom bidreg til å auke investeringsfondet noko som gir betre økonomiske føresetnader og gjennomføringsevne. Investeringsfondet bidreg til å kunne egenkapitalfinansiere investeringstiltak og redusere behovet for å auke låneopptak tilsvarande. I driftsbudsjettet vil dette gjere seg utslag i form av lågare renter og avdrag.

Nærmare omtale av punkt 1 og 2 følger nedanfor. Nærmare omtale av punkt 3 er omtalt under investeringsoversikta (økonomiplan investering).

### 1) **Fortløpande kostnadskutt**

Fortløpande kostnadskutt vil kunne få ein effekt på forholdsvis kort sikt. Det er gjennomført analysar av økonomien for å sjå på kva slags kostnader som kan reduserast, og korleis dette vil påverke tenestenivået på kort og lang sikt.

Dette er kostnadskutt som vil bli gjennomført:

- Redusere overtid og vikarbruk. Her vil det bli eit eige prosjekt, sjå nærare omtale seinare i saka under punkt 2, avsnittet “Rekruttering og smart bemanning”.
- Ingen tilsetningar før ein vurderer om oppgåver kan løysast ved omprioritering, nedprioritering, avvikling, eventuelt kjøp av tenester, mm.
- Abonnement, medlemskap og lisensar vert redusert til eit minimum.
- Møteverksemd; Gjennomføre fleire møter på teams for å unngå reisekostnader. Utarbeide felles prinsipp som skal vert lagt til grunn for bevertning på alle møter som vert gjennomført i regi av Sula kommune, også politiske.
- Kurs og seminar, samt reisekostnader i tilknytning til dette. Bli meir bevisst på om det er behov for å delta fysisk eller om det er mogleg å delta digitalt.
- Avgifter, gebyr og lisensar vil bli gjennomgått og vurdert.
- Medlemsskap og anna som er politisk vedtatt vil bli vurdert og eventuelt fremma som eigne saker for behandling i kommunestyret. Til dømes vil det i kommunestyret 5 desember bli fremma sak om kontingent til Norsk bane AS (kroner 43.000) og marknadsføringsbidrag til Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (kroner 359.000).

Andre områder som vert vurdert:

- Feriestengde barnehagar vert vurdert: Dei kommunale barnehagane i Sula er i dag opne heile sommaren, men har sidan 2020 vore stengd 1 veke i tilknytning til romjul/påske. Utgreiing av fordelar og ulemper ved eventuelt å innføre feriestenging av barnehagar for å redusere behovet for vikarutgifter for ferieavvikling gjennom sommaren, vert lagt fram som eiga sak i kommunestyret 05.12.24.
- Mogleg klassesamanslåing på nokre trinn: Det vert gjort ei vurdering for å sjå kva kostnadsreducerande effekt samanslåing av små klasser kan få på enkelte trinn.

## 2) Effektivisering av drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats

Nedanfor er ein kort omtale av prosjekt som enten er sett i gang allereie eller vil bli sett i gang. Prosjekta skal sikre at vi sett i verk tiltak som er målretta og i samsvar med kommunen sine overordna mål og strategiar.

### Barn som meistrar

**Mål: Flest mogleg barn i Sula skal ha godt utbytte av det ordinære barnehage og skuletilbodet i kommunen.**

*Bakgrunn for prosjektet:* Tal barn som ikkje har eit tilfredsstillande utbytte av det ordinære tilbodet i kommunen er aukande. Fleire opplever manglande meistring, trivsel og mobbing. Enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring, tilrettelegging i barnehage, og spesialpedagogisk hjelp utløyser store ressursar i form av personellinnsats og økonomi. Med ei allereie svært trong ramme over tid særleg i skule, bidreg dette til å redusere moglegheita for at fleire barn meistrar innanfor eit ordinært tilbod. Vi ser behov for å ha eit handlingsrom som gjer moglegheit for å auke satsing på tidleg innsats, gjennom å redusere enkeltvedtak. Slik meiner vi det vert rom for meir tilpassa undervisning innanfor det ordinære tilbodet, og som i eit langsiktig perspektiv vil kunne bidra til at fleire fullfører vidaregåande skule.

Ein samla innsats skal gjere oss i stand til at barn og unge og foreldra deira skal ha det trygt og godt, og at både barnehage og skule skal vere er ein stad som fremjar helse, trivsel, inkludering og læring, og der alle former for diskriminering vert motarbeida.

Det er i 2024 sett i gong fleire tiltak. Ulike alternative former for korleis vi målrettar innsats og utnyttar ressursane vert prøvd ut framover i 2025, og vert organisert i eit hovudprosjekt med fleire underprosjekt. Prosjekta skal sikre heilskaplege vurderingar av behov, og forslag til tiltak forankra i tenking om tidleg innsats lavt i innsatstrappa.

Prosjekt alternativ opplæringsarena for elevar i ungdomsskulen er allereie i gang, og vert følgt opp som del av hovudprosjektet *Barn som meistrar*.

## Inkludering

***Mål: Fleire av våre innbyggjarar er i arbeid og opplever å meistre eigen kvardag og eigen økonomi.***

Bakgrunn for prosjektet: Fleire enn før er utanfor jobb eller utdanning og vi må få folk raskare ut i jobb. Kostnadane til sosialhjelp er aukande vi må gjennomføre tiltak som stoppar veksten. Det er behov for tiltak retta både mot flyktningar og mot andre innbyggjarar då veksten synast i begge gruppene. Kostnadene med dei store flyktningmottaka syner seg no og tilskotsmidlane vil ikkje vere tilstrekkelege til å dekke kostnadene. På bakgrunn av dette vil kommune-direktøren etter samråd med einingane, tilrå å redusere mottaket av flyktningar neste år frå 30 til 20. Dette må avklarast i eiga politisk sak med eventuelt påfølgande budsjettendringar då det i gjeldande økonomiplan ligg føringar for eit årleg mottak på 30.

## Ei dør inn til kommunale tenester

***Mål: Innbyggjarane får dei tenestene dei treng, når dei treng det, innanfor det vi har av samla ressursar i kommunen.***

Bakgrunn for prosjektet: Det er viktig å sikre god kvalitet og rettferd når søknader vert vurdert og vedtak vert skrivne. Vedtaka utløyser store ressursar i form av personellinnsats og økonomi. Vi følgde Agenda Kaupang si tilråding frå 2018 og styrka tiltakskontoret og samla mykje av sakshandsaminga. Agenda Kaupang tilrår i denne omgang ytterlegare steg og samle all vedtaksskriving i tiltakskontoret og kanskje andre kommunale tenester – «Ei dør inn». Det er derfor alt nedsett ei prosjektgruppe som skal beskrive ny modell for tiltakskontoret som samlar all sakshandsaming for omsorgstenester i tiltakskontoret. Modellen skal sikre heilskaplege vurderingar av behov og forslag til tiltak forankra i tenking om tidleg innsats lavt i innsatstrappa.

## Enklare kvardag med smart teknologi

**Mål: Vi bidrar til tryggleik, meistring og sjølvstende til innbyggjarane ved å gje råd om, og ved å ta i bruk teknologi.**

**Bakgrunn for prosjektet:** Dagens teknologi kan bidra til meistring og sjølvstende og den kan bidra til å frigjere tid og personalressursar. Dersom teknologien skal bidra til den nødvendige omstillinga, krev det ei tverrfagleg og heilskapleg organisering som inkluderer helsepersonell og pedagogisk personell, IT, teknisk drift, leverandørar og andre eksterne aktørar. Mange oppgåver skal ivaretakast og det krev ei strategisk tilnærming og ein heilskapleg modell slik at alle oppgåver vert ivaretatt og roller og ansvar er etablert. Dette skal bidra til at innføring av ny teknologi vert meir enn berre pilotar og testing, men ein integrert del av tenestene.

## Rekruttering og smart bemanning

**Mål: Smart bruk av eigne ressursar med mål om reduksjon av kostnader på overtid og vikarbyrå, Helse og Meistring.**

**Bakgrunn for prosjektet:** Kostnadane til overtid og vikarbyrå er aukande. Årsaka er samansett og det er behov for fleire parallelle tiltak. Kartlegging av behov og bruk av overtid og vikarbyrå er i gang og kunnskapsgrunnlaget vil bidra til å gjere tiltak som endrar ressursbruken.

Prosjektet vil kunne innebere tiltak inn mot vakante stillingar, bemanningsplanar, arbeidstidsordningar, oppgåveforskyving, ferieplanlegging, rekrutteringsprosessar og rekrutteringskultur. Det kan vere behov for å skilje ut parallelle underprosjekt.

Resultatmålet er å organisere ressursane våre på ein måte som gir lettare tilgang på eigne vikarar og meir fleksibel bruk av eigne ressursar. Ein effekt av dette vil også kunne vere auka attraktivitet i tråd med kommunen sin organisasjonsstrategi. Det handlar om å


ha fokus på eigne tilsette, sikre god nok grunnbemanning og tilby gode arbeidstidsordningar.

Prosjektet vil ha ei tidslinje ut 2025. Ein er innstilt på at det vil være behov for å forlenge tidsplanen utover dette.

### Gjennomføring og oppfølging av prosjekta – korleis veit vi at vi er på rett veg?

Målet er at prosjekta som er skildra ovanfor skal bidra til å sikre ein meir berekraftig økonomi i kommunen, utan at kvaliteten på tenestene til innbyggjarane skal bli redusert. Å planlegge for, og gjennomføre dei riktige tiltak, krev tydelege mål og gevinstplanar, der vi kan følgje med å at det vi gjer faktisk har ønska effekt. Det er difor viktig å identifisere og følgje opp dei indikatorane som kan målast og knytast til tiltaka. Nokre tiltak vil likevel ikkje ha ein direkte årsak og verknad-samanheng, og den ønska effekten kan vere vanskeleg å måle.

Ein av indikatorane som vi likevel kan følgje med på er kostnadsfordelinga i innsatstrappa. Kommunen har saman med Agenda Kaupang analysert kostnadene i 2023 og fordelt dei utover dei 12 trinna i kommunen si innsatstrapp. Ei slik kostnadsfordeling kan vi gjennomføre også i åra framover for å sjå om vi er på rett veg: at vi faktisk får gjennomført ei venstreforskyving i innsatstrappa i tråd med eitt av måla i den vedtekte strategien for heilskapleg innsats i Sula kommune.



## 7. Vurdering av behov for mellombels politisk utval i 2025

I 2024 var det behov for å opprette mellombelse utval for arbeid med samfunnsplan, langtidsplan for drift og investering, samt egedomsstrategi. I 2025 er det behov for å omsette desse strategiane til konkret handling med mål om at dei bidrar til nødvendig omstilling. Politikarar i Sula kommune har signalisert ønske om å få meir innblikk i drifta av tenestene og dette kan sikrast gjennom å følgje opp dei prosjekta som no vert sett i gang. Kommunedirektøren tilrår difor at det i 2025 blir oppretta eitt mellombels politisk utval som skal følgje arbeidet med *tiltak for å effektivisere drifta med bakgrunn i strategi for heilskapleg innsats*. Budsjett vil bli handtert innanfor gjeldande budsjettrammer.

Forutsett vedtak av kommunestyret vil kommunedirektøren følgje opp med ein sak knytt til oppretting av eit slikt utval. Denne saka vil bygge på [politisk delegeringsreglement](#), [møtereglement mellombelse utval](#) og [sak om mellombelse utval knytt til arbeid med samfunnsplan, egedomsstrategi og langsiktig drifts- og investeringsstrategi \(K-sak 004/24\)](#).

## 8. Vurdering av planoppgåver i 2025

Gjennom kommunestyret sitt vedtak av [planstrategi](#) er det bestemt at samfunnsplanen og arealplanen skal bli rullert i innverande kommunestyreperiode. I planstrategien står det også at «i etterkant av arbeidet med samfunnsplanen, vil det bli gjennomført ei vurdering knytt til kommunens andre planar. Arbeid med lovpålagde planar, som til dømes folkehelseoversikta, vil likevel bli gjennomført i tråd med regelverk».

Kommunedirektøren meiner at det som har blitt utarbeidd av kunnskapsgrunnlag og strategiar i etterkant av kommunestyret sitt vedtak, i tillegg til det som er skildra av utfordringar og moglegheiter innanfor kommunalområda i denne saka, gjer at vi allereie no har eit grunnlag for å seie kva for andre planar som bør bli utarbeida i denne perioden.

Gode planar kan føre til effektivitet, gjere arbeidet lettare og at ein oppnår betre resultat. Slik kan planar gi ei innsparing. Det er likevel viktig å ta høgde for at utarbeiding av planar tek tid og ressursar. Vurderinga av kva for planar som bør bli utarbeida/rullert må difor også vere knytt til ei vurdering av ressursar.

Oversikta nedanfor tek omsyn til desse faktorane, det vil seie at det er basert på ei heilskapleg vurdering av behov, ressursar og budsjett.

Nummer	Namn på plan	Type endring	Startår	Sluttår
1	Samfunnsplan inkl. arealstrategiar	Rullere	2024	2025
2	Arealplan	Rullere	2025	2026
3	Kommunedelplan for vatn og avløp	Rullere	2025	2026
4	Temaplan for veg	Ny	2025	2025
5	Temaplan for naturmangfald	Ny	2024	2025
6	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer	Ny	2025	2025
7	Næringsstrategi	Rullere	2025	2025
8	Overordna beredskapsplan i Sula kommune	Rullere	2025	2025
9	Heilskapleg risiko- og sårbarheit-analyse (ROS)	Rullere	2025	2025
10	Handlingsplan for rusmiddelarbeid	Rullere	2025	2025

### Omtale av planane:

#### *1. Samfunnsplan inkl. arealstrategiar*

Samfunnsplanen skal vere kommunen sin mest overordna plan, og det viktigaste politiske styringsdokumentet. Kommunestyret har utnemnd medlemmar til eit mellombels politisk utval som skal følgje arbeidet med samfunnsplanen. Det er lagt opp til at kommunestyret skal behandle samfunnsplan i møte våren 2025.

#### *2. Arealplan*

Arealplanen skal vise korleis areala i kommunen bør bli disponert for å nå måla som er

skildra i samfunnsplanen. Arbeid med ny arealplan er starta, og plan- og miljøutvalet skal i møte i desember 2024 avgjere om planprogram skal bli sendt på høyring.

### *3. Kommunedelplan for vatn og avløp*

Kommunedelplan for vatn og avløp skal med utgangspunkt i kommuneplanen gå grundigare inn i temaet, fastlegge overordna strategiar og slik gje godt grunnlag for ein handlingsdel med tiltak. Planen vil erstatte kommunedelplan for avløp 2011-2021.

Utarbeiding av ny plan er naudsynt både på grunn av vilkår i utsleppsløyve for Kongshaugen reinseanlegg og som grunnlag for prioritering og gjennomføring av tiltak på ein viktig del av den tekniske infrastrukturen i Sula kommune. Tilstrekkeleg kapasitet er innan vatn og avlaup er avgjerande for utvikling med tanke på framtidsetta bustadar og næringsutvikling.

Kommunedelplan for vatn og avløp vil slik vere nært knytt til mål i samfunnsplanen og realisering av strategiar for tenesteyting i Sula kommune. Når planen er vedteken med ein handlingsdel vil dette være grunnlaget for å sette opp dei årlege rammene for investeringar innan vatn og avløp (årlege rammeløyvingar).

### *4. Temaplan for veg*

Planen vil vere eit styringsdokument for forvaltning, drift, vedlikehald og oppgradering av kommunale veger. Den vil dermed kunne vere eit styringsverktøy for forvaltning av det kommunale vegnettet i samsvar med politiske prioriteringar, brukarbehov og andre sentrale samfunns mål. Planen vil erstatte gjeldande trafikktryggingssplan, og ta omsyn til mellom anna skulevegar. Planen vil vere ein del av arbeid for å sikre berekraftig kommunal infrastruktur.

### *5. Temaplan for naturmangfald*

Planen vil vere eit kunnskapsgrunnlag for arealplanen. Planen skal mellom anna samle all kjent kunnskap knytt til naturmangfald, oppdatere kunnskap ved behov og gje ei betre samla oversikt over viktige naturmangfaldsverdiar i Sula kommune.

### *6. Temaplan for friluftslivets ferdselsårer*

Planen vil vere eit kunnskapsgrunnlag for arealplanen, og samtidig vere ein plan for korleis ferdselsårer for friluftsliv i kommunen kan bli utvikla på ein berekraftig måte.

### *7. Næringsstrategi*

Strategien vil bygge på samfunnsplan og strategisk næringsplan for Sula kommune 2015-2022. Strategien vil bli utarbeida i nær dialog med næringslivet.

### *8. Overordna beredskapsplan i Sula kommune*

Planen inneheld ei oversikt over tiltak som kommunen har for å handtere uønskte hendingar. Planen vil vere utgangspunkt for øvingar. Planen vil bli revidert årleg.

### *9. Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)*

Analysen inneheld ei kartlegging av uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen, ei vurdering av sannsynet for at desse hendingane inntreff og korleis dei kan påverke

kommunen. Analysen ligg til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Analysen vil bli revidert kvart 4. år.

#### *10. Handlingsplan for rusmiddelarbeid*

Planen inneheld også alkoholpolitiske retningslinjer i kommunen, jf. kapittel 5.

Noverande plan er gjeldande frå 2020-2024. Som følgje av endringar i politisk struktur er det behov for fleire redaksjonelle endringar i planen. Samtidig som dette arbeidet blir gjort, vil det bli vurdert om det også er behov for innhaldsmessige endringar.

Kommunedirektøren har fullmakt til å gjere desse endringane, men avhengig av omfang vil kommunedirektøren vurdere om planen likevel bør leggast fram for politisk handsaming. Uansett kjem det sak om gjennomgang av alkoholpolitikken til politisk handsaming i løpet av våren 2025.

## 9. ØKONOMIPLAN 2025-2028, DRIFT

Økonomiplanen viser budsjettert driftsresultat og budsjettert bruk av disposisjonsfond i økonomiplanperioden. Til kvar linje i økonomiplanen er det henvisning til note der budsjettposten blir forklart. Note 20 forklarer endring frå budsjett 2024 til budsjett 2025 og deretter endring for dei neste åra i økonomiplanperioden.

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2025 PRISER	BUDSJETT 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	BUDSJETT 2024	NOTE
<b>FRIE INNTEKTER (SKATT OG RAMMETILSKOT)</b>						
Frie inntekter inklusiv skjønnsmidler	-752 745 000	-758 276 600	-758 276 600	-758 276 600	-698 800 000	1
Auke i frie inntekter som følge av endring demografi	0	-3 000 000	-6 000 000	-9 000 000	0	2
Ekstra skatteinntekt, ut over KS sin prognose	0	0	0	0	-5 710 000	
Styrking av kommuneøkonomien, auke i rammetilskot	0	-15 000 000	-15 000 000	-15 000 000	0	3
<b>ANDRE STATTILSKOT</b>						
Integreringstilskot flyktninger	-25 700 000	-26 800 000	-25 600 000	-25 600 000	-29 324 000	4
Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken	-2 850 000	-2 500 000	-2 250 000	-2 000 000	-3 180 000	5
<b>PENSJON</b>						
Premieavvik inkl arbeidsiveravgift (prognose KLP/SPK)	-43 908 203	-25 901 653	-23 460 999	-28 120 946	-39 650 626	6
Amortisering premieavvik inkl. arbeidsgiveravgift	28 753 791	32 545 989	33 310 146	34 341 089	24 457 329	6
Justering pensjon inkl AGA	-1 867 769	-8 906 399	-10 427 515	-5 382 356	0	6
<b>RENTEUTGIFT, RENTEKOSTAND, AVDRAG, AVKASTNING</b>						
Låneadministrasjon	150 000	150 000	150 000	150 000	110 000	7
Renteutgifter på eksisterande lån	46 800 000	40 500 000	37 500 000	36 300 000	47 500 000	8
Avdrag på eksisterande lån	50 000 000	48 000 000	47 500 000	46 500 000	48 800 000	9
Renteinntekt og avkastning	-15 000 000	-12 324 500	-12 354 610	-12 957 731	-10 479 960	10
<b>TIL FORDELING PÅ SEKTORANE</b>	<b>-716 367 181</b>	<b>-731 513 163</b>	<b>-734 909 578</b>	<b>-739 046 544</b>	<b>-666 277 257</b>	
<b>SENTRAL AVSETNING, lønnsoppgjør 2024</b>	<b>20 350 000</b>	<b>20 350 000</b>	<b>20 350 000</b>	<b>20 350 000</b>	<b>17 723 459</b>	11
<b>SENTRAL AVSETNING, lønns- og prisvekst 2025</b>	<b>30 500 000</b>	<b>30 500 000</b>	<b>30 500 000</b>	<b>30 500 000</b>		11
<b>ORG. OG UTVIKLING, RAMME FØR NYE TILTAK</b>	<b>59 776 724</b>	<b>59 776 724</b>	<b>59 776 724</b>	<b>59 776 724</b>		12
Sula Sokn. 10-års service av orgelet i Langevåg kyrkje	300 000	0	0	0		12
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000		12
Omstilling av drift / innsparingskrav	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000		12
<b>ORG. OG UTVIKLING, RAMME ETTER NYE TILTAK</b>	<b>60 576 724</b>	<b>60 276 724</b>	<b>60 276 724</b>	<b>60 276 724</b>	<b>60 506 724</b>	12
<b>OPPVEKST, RAMME FØR NYE TILTAK</b>	<b>314 834 413</b>	<b>314 834 413</b>	<b>314 834 413</b>	<b>314 834 413</b>		13
<b>KULTUR, RAMME FØR NYE TILTAK</b>	<b>11 668 290</b>	<b>11 668 290</b>	<b>11 668 290</b>	<b>11 668 290</b>		13
Gratis halvdagsplass SFO, 3 trinn	4 270 000	4 270 000	4 270 000	4 270 000		13
Endring iht statsbudsjett: Pensjon for fosterforeldre	100 000	100 000	100 000	100 000		13
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000		13
Omstilling av drift / innsparingskrav	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000		13
<b>KULTUR OG OPPVEKST, RAMME ETTER NYE TILTAK</b>	<b>339 872 703</b>	<b>339 872 703</b>	<b>339 872 703</b>	<b>339 872 703</b>	<b>319 372 653</b>	13

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN I 2025 PRISER	BUDSJETT 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	BUDSJETT 2024	NOTE
<b>HELSE OG MESTRING , RAMME FØR NYE TILTAK</b>	<b>278 687 546</b>	<b>278 687 546</b>	<b>278 687 546</b>	<b>278 687 546</b>		<b>14</b>
Refusjon ressurskrevjande brukarar. Effekt av ny modell	-2 193 658	-2 193 658	-2 193 658	-2 193 658		14
Auka budsjett som følge av endring demografi	2 000 000	5 000 000	8 000 000	11 000 000		14
Endring iht statsbudsjett: Vaksinasjonsprogram	350 000	350 000	350 000	350 000		14
Endring iht statsbudsjett: Sosialhjelp	60 000	60 000	60 000	60 000		14
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	15 000 000	15 000 000	15 000 000	15 000 000		14
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000	-7 500 000		14
<b>HELSE OG MESTRING , RAMME ETTER NYE TILTAK</b>	<b>286 403 888</b>	<b>289 403 888</b>	<b>292 403 888</b>	<b>295 403 888</b>	<b>277 526 546</b>	<b>14</b>
<b>SAMFUNN, RAMME FØR TILTAK</b>	<b>33 110 422</b>	<b>32 610 422</b>	<b>32 610 422</b>	<b>32 610 422</b>		<b>15</b>
Auke i budsjettamme for brann- og ulykkesvern	530 000	530 000	530 000	530 000		15
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000		15
Omstilling av drift / innsparingskrav	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000		15
<b>SAMFUNN, RAMME ETTER TILTAK</b>	<b>34 840 422</b>	<b>34 340 422</b>	<b>34 340 422</b>	<b>34 340 422</b>	<b>35 210 422</b>	<b>15</b>
<b>VAR (sjølvkostområde)</b>	<b>-26 361 000</b>	<b>-34 362 835</b>	<b>-43 590 378</b>	<b>-50 000 154</b>	<b>-26 305 138</b>	<b>16</b>
<b>POLITISK STYRING, RAMME FØR TILTAK</b>	<b>5 661 425</b>	<b>5 661 425</b>	<b>5 661 425</b>	<b>5 661 425</b>		<b>17</b>
Utgifter til valg	530 000	0	530 000	0		17
Omstilling av drift / innsparingskrav	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000		17
<b>POLITISK STYRING, RAMME ETTER TILTAK</b>	<b>6 141 425</b>	<b>5 611 425</b>	<b>6 141 425</b>	<b>5 611 425</b>	<b>5 661 425</b>	<b>17</b>
<b>SUM SEKTORRAMMER, ETTER NYE DRIFTSTILTAK</b>	<b>752 324 162</b>	<b>745 992 327</b>	<b>740 294 784</b>	<b>736 355 008</b>	<b>689 696 091</b>	
<b>RENTER OG AVDRAG NYE TILTAK</b>						
Renter på nye tiltak (ekskl VAR)	306 908	708 700	1 006 154	2 358 694	629 507	18
Avdrag på nye tiltak (ekskl VAR)	0	994 167	1 760 833	2 617 500	0	18
Renter på nye tiltak VAR	2 597 955	7 732 290	12 329 833	15 004 109	1 494 916	18
Avdrag på nye tiltak VAR	0	2 867 500	7 497 500	11 233 000	0	18
<b>RESULTAT FØR EIGEDOMSSKATT</b>	<b>38 861 844</b>	<b>26 781 821</b>	<b>27 979 526</b>	<b>28 521 767</b>	<b>25 543 257</b>	
Eigedomsskatt på eigedomar utanom næringsseigedom	-11 230 000	-22 460 000	-22 460 000	-22 460 000	-10 400 000	19
Eigedomsskatt på næringsseigedom	-770 000	-1 540 000	-1 540 000	-1 540 000	-750 000	19
Taksering og bistand eigedomsskatt	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000	19
<b>BRUK AV / AVSETNING TIL DISPOSISJONSFOND</b>	<b>27 011 844</b>	<b>2 931 821</b>	<b>4 129 526</b>	<b>4 671 767</b>	<b>14 543 257</b>	<b>20</b>
<b>AKKUMULERT BRUK AV DISP.FOND I PERIODEN</b>				<b>38 744 958</b>		

DISPOSISJONSFOND	BUDSJETT 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	BUDSJETT 2024	NOTE
<b>DISPOSISJONSFOND (estimat 2024: 86.443.610kr)</b>	<b>59 431 766</b>	<b>56 499 945</b>	<b>52 370 419</b>	<b>47 698 652</b>	<b>117 250 353</b>	

#### Avstemming mellom bruk/avsetning til disp.fond og netto driftsresultat

NETTO DRIFTSRESULTAT	BUDSJETT 2025	ØK.PLAN 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	BUDSJETT 2024	Note
Bruk/avsetning til disposisjonsfond i øk.planperioden	27 011 844	2 931 821	4 129 526	4 671 767	14 543 257	
Avsetning til fond på VAR-området	-5 708 000	0	0	0	-3 447 889	
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>21 303 844</b>	<b>2 931 821</b>	<b>4 129 526</b>	<b>4 671 767</b>	<b>11 095 368</b>	

(Positivt forteikn betyr negativt driftsresultat)

## Noter til økonomiplan 2025-2028, drift

### Note 1. Frie inntekter

Budsjett for frie inntekter baserer seg på KS sin prognosemodell publisert 03.12.24.

Fordelinga av frie inntekter ser slik ut:

Frie inntekter	Budsett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Skatteinntekter	334 690 000	349 151 000	349 151 000	349 151 000
Inntektsutjevning	55 589 000	46 869 000	46 869 000	46 869 000
Rammetilskot	362 459 000	362 300 000	362 300 000	362 300 000
<b>SUM</b>	<b>752 738 000</b>	<b>758 320 000</b>	<b>758 320 000</b>	<b>758 320 000</b>

I forbindelse med statsbudsjettet publiserer regjeringa sitt anslag for frie inntekter til kommunene. Anslag for Sula kommune er på 742.358.000kr. Ved å trykke [her](#) finn man både anslaget, samt ei forklaring på kva dei frie inntektene består av.

I etterkant av statsbudsjettet publiserte regjeringa eit tillegg til statsbudsjettet (Prop. 1 S Tillegg 1. Publisert 01.11.24). Tillegget inneheld to endringar som gir auka rammetilskot:

- Det blir gitt ei ekstra løyving til kommunane og fylkeskommunane på 5 milliard (4,3 milliard til kommunene og 0,9 milliard til fylkeskommunene). Sula kommune sin andel av dette er 7,5 mill. kr.
- Korrigering knytt til auka behov i barnehage: I statsbudsjettet for 2024 vart kontantstøtteordninga redusert frå 1. august 2024 og kommunane fekk auka rammetilskot som følge av økt etterspørsel etter barnehageplass. Ved ein feil blei ikkje heilårseffekten av dette tiltaket innarbeida i statsbudsjettet for 2025. Dette er korrigert med ei auke i rammetilskotet til kommunane på totalt 198,1 mill. kr. Auka blir fordelt etter delkostnadsnøkkel for barnehage. For Sula kommune vil dette utgjere ca 380.000kr.

I begynnelsen av desember blei regjeringa og SV einige om eit budsjettforlik. Av budsjettforliket framgår det at rammetilskotet til kommunene i 2025 vil auke med 550 mill til styrking av bemanning i SFO frå 01.08.2025 og 550 mill til auka bemanning i barnehagane frå 01.01.2025.

3. desember oppdaterte KS sin prognosemodell for frie inntekter. I denne modellen er tillegg til statsbudsjett (prop. 1 S Tillegg 1. Publisert 01.11.24) innarbeida, samt endring som følge av budsjettforliket. I følge prognosemodellen vil rammetilskotet for Sula kommune auke med 2.245.000kr i 2025 og 3.676.600kr frå 2026 som følge av budsjettforliket. Endringane framgår av tabellen nedanfor:

Auke rammetilskot	Budsett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
Auka bemanning SFO fra 01.08.2025	1 193 000	2 624 600	2 624 600	2 624 600
Auka bemanning barnehage fra 01.01.2025	1 052 000	1 052 000	1 052 000	1 052 000
<b>SUM</b>	<b>2 245 000</b>	<b>3 676 600</b>	<b>3 676 600</b>	<b>3 676 600</b>

Kommunedirektøren er foreløpig ikkje kjent med nye lovkrav som følge av dei auka bevilgningane, men det kan komme. Kommunedirektør foreslår at auka i rammetilskot blir innarbeida i budsjett og økonomiplan 2025-2028. Kommunedirektøren foreslår vidare at midlane blir brukt til å redusere budsjettert bruk av disposisjonsfond.

KS og regjeringa sitt anslag for Sula kommune er nesten identisk for 2025. KS sitt anslag (knytt til forslag til statsbudsjett før endringar) var 742,6 mill. kr. Regjeringa sitt anslag (i forslag til statsbudsjett før endringar) var 742,4 mill. kr.

Som varsla i NOU 2022:10 *Inntektssystemet for kommunene*, og i Kommuneproposisjonen for 2025 så blir inntektssystemet endra. Endringane i inntektssystemet er innarbeida i budsjetterte inntekter.

Endringane påverkar alle dei ulike delane av inntektssystemet, både skatt og inntektsutjamning, utgiftsutjamning og regionalpolitiske tilskot. I vedlegg til Kommuneproposisjonen 2025 blir det vist eit anslag på kva effekt nytt inntektssystem har for den enkelte kommune. I statsbudsjettet for 2025 kom det eit oppdatert anslag på effektane. Punkta nedanfor gir ei oppsummering av endringane og kva for effekt endringane er anslått å få for Sula kommune:

- Endring i kostnadsnøklar: Kostnadsnøklane påverkar utgiftsutjamninga. Utgiftsutjamninga er ein del av rammetilskotet. Målet med ordninga er å utjamne «ufrivillige» forskjellar mellom kommunar. Det er mange forskjellige kriteriedata som påverkar utgiftsutjamninga. Nokre av kriteria er befolkningssamansetning, areal i kommunen og antal med diagnose psykisk utviklingshemming. Ei av endringane i nytt inntektssystem er nedvekting av PU-kriteriet (psykisk utviklingshemming). Sula kommune har mange med denne diagnosen. Denne endringa slår derfor negativt ut for Sula kommune. Totalt sett er alle endringane i kostnadsnøklar estimert å gi ein negativ effekt for Sula kommune på 3,8 mill. (estimat i kommuneproposisjonen 2025 var 2,8 mill.).
- Endring i regionalpolitiske tilskot: Det er foreslått reduksjon i denne typen tilskot. Desse tilskota er noko alle kommunar er med på å finansiere. Sula kommune får ingen slike tilskot. Ein reduksjon i desse ordningane er derfor positivt for Sula kommune. Positiv effekt er estimert til 1 mill. (estimat i kommuneproposisjonen var 0,9 mill.).
- Skatteinntekter: Utbytteinntekter skal ikkje lenger inngå i skattegrunnlaget til kommunane. I tillegg skal kommunane sin andel av formueskatten vert halvert i løpet av 2025 og 2026. Kommunane får i staden ein større andel av skatteinntektene på alminneleg inntekt. Den kommunale skatteprosenten for alminneleg inntekt er satt til 12,75% for 2025. Dette er ei auke på 1,8% samanlikna med 2024. Sidan Sula kommune har lågare inntekter frå utbytte og

formue samanlikna med landsgjennomsnittet, så slår denne endringa positivt ut (for beløpsmessig effekt sjå neste punkt). Den positive effekten slår fullt ut i 2026. Skatteinntektene til Sula kommune (før inntektsutjamning) er forventa å bli på 78,3% av landsgjennomsnittet i 2024. I 2025 er forventning 81,5%, og i 2026 84,3% (iht. prognosemodell frå KS).

- **Inntektsutjamning:** Dette er ei ordning for å utjamne skatteinntektene mellom kommunar som har skatteinntekter over landsgjennomsnittet, og kommunar som har skatteinntekter under landsgjennomsnittet. I dagens inntektssystem blir kommunar med lave skatteinntekter kompensert med 60% av differansen mellom skatt per innbyggjar målt opp mot landsgjennomsnittet. Videre blir kommunar som har under 90% av landsgjennomsnittet kompensert med 35% av differansen opp til 90%. For Sula kommune inneber dette at skatteinntektene (inkludert inntektsutjamning) blir på rundt 94% av landsgjennomsnittet. I nytt inntektssystem endrast inntektsutjamninga frå 60% til 62% i 2025 og vidare opp til 64% i 2026. Dette slår positivt ut for Sula kommune. Skatteinntekter inkludert inntektsutjamning er forventa å auke til 95% av landsgjennomsnittet i 2025 og til 95,6% i 2026.

Estimert positiv effekt av endring i skatteinntekter og inntektsutjamning er på 5,6 mill. (estimat i kommuneproposisjonen var 4,7 mill.).

- **Refusjon ressurskrevjande brukarar:** Frå 2025 blir det endringar i modell for berekning av refusjon. Endringa som får størst innverknad for Sula kommune er måten eigenandelen på utgiftene blir berekna på. Slik det er i dagens ordning må kommunane sjølv dekke 20% av refusjonsgrunnlag. I ordning skal kommunane samla sett fortsett dekke 20%, men halvparten av eigenandelen skal dekkes av alle kommunar i form av eit likt beløp per innbyggjar. Dette slår positivt ut for Sula kommune. Dette er fordi vi har høgare utgifter til ressurskrevjande brukarar enn landsgjennomsnittet. Estimert positiv effekt er 3,1 mill. (estimat i kommuneproposisjonen var 2,7 mill.). Vår eiga berekning av effekt for 2025 er 2,2 mill. Forskjell i estimat er knytt til endringar i brukarbehov.
- **Generell vekst i frie inntekter (fordelt etter inntektsnivå og tapskompensasjon):** Generell vekst er estimert til 3,3 mill. for Sula kommune (same estimat som i kommuneproposisjonen).
- **Samla er alle endringane i inntektssystemet anslått til å gi ei positiv effekt på ca. 9 mill. for Sula kommune i 2025.**

### **Note 2. Auke i frie inntekter som følge av endring demografi**

For åra 2026-2028 tek KS sin prognosemodell utgangspunkt i at folketalet for Sula kommune og landet er likt som i 2025. Vi forventar ei auke i frie inntekter som følge av endring i demografi. På same måte som vi gjorde i økonomiplan for 2023-2026 og økonomiplan for 2024-2027 legg vi inn ein vekst på 3 mill. årleg frå 2026. Anslag er usikkert. Vi har lagt inn ei tilsvarande auke i demografiutgifter på område Helse og meistring.

### **Note 3. Styrking av kommuneøkonomien, auke i rammetilskot 2026-2028**

Pensjonskostnadane i åra framover er forventa å auke langt meir enn tidlegare prognoser viste. Dette er knytt til ny offentleg AFP ordning. Jf. brev frå Kommunal og distriktsdepartementet datert 10.09.24 (Rundskriv H-3/24 Berekningsforutsetningar for pensjonskostnadane regnskapsåret 2025) så skal kostnader knytt til ny ordning ikkje tas inn i berekning av pensjonskostnadane for 2025. Departementet vil komme tilbake til tidspunkt for implementering. For åra 2026-2028 i økonomiplanen har vi derimot tatt inn forventa effekt av ny ordning.

Basert på prognoser frå KLP og SPK så forventar vi at pensjonskostnadane blir ca. 5 mill. høgare i 2025 enn i 2024. Dette er i samsvar med tidlegare forventning, og denne auka var innarbeida i økonomiplan 2024-2027. I 2026 slår forventa effekt av ny AFP ordning inn. Vi forventar at pensjonskostnadane i 2026 blir ca. 15 mill. høgare enn i 2025. I 2027-2028 er kostnaden forventa å stabilisere seg på 2026-nivå. Den store auka i pensjonskostnader vi gjelde for alle kommunar, ikkje berre for Sula kommune.

I forbindelse med statsbudsjettet informerte kommunal- og distriktsdepartementet at regjeringa sitt anslag for kommunane sine pensjonsutgifter ikkje inneheld effekt av ny offentleg AFP. Dei opplyste vidare at regjeringa vil komme tilbake med eit oppdatert anslag, inkludert effekten av ny offentleg AFP, i revidert nasjonalbudsjett. I sin presentasjon av statsbudsjettet skriv departementet følgande om pensjon: «Regjeringa vil dekkja ein auke i kostnadane i 2025, men og gjere ei samla vurderinga av sektoren sin økonomi». Vi tolkar dette slik at regjeringa vil dekke auka utgifter til ny AFP ordning, dersom dei kjem fram til at denne effekten skal innarbeidast allereie frå 2025. Auka vi no har frå 2024 til 2025 på 5 mill. er ikkje knytt til den nye ordninga, så denne auka forventar vi ikkje at dei skal dekke. Vi forventar derimot at vi får dekt auka i 2026. Frå 2026 har vi derfor lagt inn ei auke i rammetilskot på 15 mill., som tilsvarar forventa auka i pensjonskostnader frå 2025 til 2026.

### **Note 4. Integreringstilskot flyktningar**

Integreringstilskotet for flyktningar er berekna ved hjelp av «Integreringskalkulator». Den bereknar forventa tilskot basert på antal flyktningar som er busett i 2021-2024 og forventning om mottak av flyktningar i 2025. For 2024 har vi lagt til grunn mottak av 30

flyktningar som vedtatt. Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om mottak av flyktningar i 2025 enda. I modellen er det lagt til grunn mottak av 30 flyktningar kvart år for perioden 2025-2028. Integreringstilskotet for flyktningar blir budsjettert «sentralt», medan utgiftene med integreringsarbeidet i hovudsak blir budsjettert på ansvar «Integreringsteneste flyktningar» (NAV). Integreringstilskotet blir i tillegg brukt til for å dekke enkelte andre utgiftspostar. Tabellen nedanfor spesifiserer budsjetterte utgifter som integreringstilskotet skal dekke.

<b>Inntekt flyktning</b>	<b>Beløp</b>
Integreringstilskot (budsjettert sentralt)	25 700 000
Persontilskot for norsk og samfunnsfag (budsjettert hos NAV)	3 000 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>28 700 000</b>
<b>Utgift flyktning</b>	<b>Beløp</b>
Utgifter på ansvar 30350 Integreringsteneste for flyktningar	19 083 741
Sentralt avsatte midlar til fordeling (iht. øk.plan 2024-2027)	1 000 000
Helsesjukepleiar. Stilling knytt til flyktningararbeid (iht. øk.plan 2024-2027)	894 200
Langevåg skule. Stilling knytt til flyktningararbeid (iht. øk.plan 2024-2027)	1 052 000
Sula ungdomsskule. Stilling knytt til flyktningararbeid (iht. øk.plan 2024-2027)	1 052 000
Sjukepleiar. Knytt til flyktningararbeid, heimeteneste (iht. øk.plan 2024-2027)	894 200
Ny medarbeider eigedom. Knytt til flytningararbeid (iht. øk.plan 2024-2027)	946 800
<b>Sum utgifter</b>	<b>24 922 941</b>
<b>Resterande "overskot" inngår som ei styrking av totalbudjett til Sula kommune</b>	<b>3 777 059</b>

#### **Note 5. Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken**

Vi har enkelte rente- og avdragskompensasjonsordningar hos Husbanken. Dette er i hovudsak knytt til skulebygg og til omsorgsbustader. Husbanken utbetaler kompensasjonen i desember. Budsjettert kompensasjon for 2025 er berekna basert på resterande gjeld på ordningane samt forventna rente for 2025.

#### **Note 6. Pensjon**

Pensjonskostnaden blir berekna basert på ein rekke økonomiske, demografiske og statistiske forutsetningar. Sula kommune har pensjonsordning i KLP og SPK. Aktuarane i desse selskapa bistår oss med å berekne pensjonskostnaden. Det er andre forutsetningar som blir lagt til grunn for berekning av pensjonskostnad enn for berekning av pensjonspremien vi skal innbetale.

Pensjonspremien kan svinge veldig frå år til år, mens pensjonskostnaden er meir stabil. Forskjellen mellom pensjonskostnad og innbetalt premie blir kalla premieavvik. Premieavviket skal fordelast (amortiserast) over 7 år i rekneskapen. Prognosen for innbetaling av premie for 2025 er høgare enn prognose for pensjonskostnad. Dette fører til budsjettert premieavvik i 2025 (som må kostnadsførast i dei neste 7 åra).

Budsjettert pensjonskostnad for 2025 er på 65,3 mill. Dette er ei auka på ca. 5 mill. frå prognose for pensjonsutgift for 2024.

Tabellen nedanfor viser samanhengen mellom innbetalt premie og pensjonskostnad:

Pensjonsutgift	Budsjett KLP	Budsjett SPK	SUM BUD. 2025	Budsjett 2024	Prognose 2024
Netto pensjonskostnad inkludert omkostningar	40 452 830	9 266 992	49 719 822	45 063 729	47 110 370
Innbetalt pensjonspremie	78 269 914	9 932 119	88 202 033	79 814 497	75 452 950
Estimat 2% betalt av arbeidstakar	-7 500 000	-2 100 000	-9 600 000	-8 350 000	-8 883 712
<b>Sum pensjonspremie</b>	<b>70 769 914</b>	<b>7 832 119</b>	<b>78 602 033</b>	<b>71 464 497</b>	<b>66 569 238</b>
Premieavvik	-37 817 084	-665 127	-38 482 211	-34 750 768	-28 342 580
Amortisering premieavvik	24 348 876	851 642	25 200 518	21 434 995	22 044 943
<b>SUM budsjett</b>	<b>57 301 706</b>	<b>8 018 634</b>	<b>65 320 340</b>	<b>58 148 724</b>	<b>60 271 601</b>

Som det går fram av tabell ovanfor er budsjettert pensjonsutgift for 2025 på 65,3 mill. Premieavvik og amortisering av premieavvik budsjetterast sentralt medan resterande pensjonsutgift i utgangspunktet skal budsjetterast ute på einingane. Som det går fram av budsjettet så er der ei linje som heiter «Justering pensjon inkl. arbeidsgivaravgift (AGA)». Her legg vi inn eit beløp som gjer at summen av pensjonskostnader som er budsjettert på einingsnivå og sum av det som blir budsjettert sentralt tilsvarar forventa pensjonsutgifter totalt sett (65,3 mill.).

Som forklart i note 4 så er det forventa ei kraftig auke i pensjonskostnader frå 2025 til 2026. Dette skuldast ny offentleg AFP. Ny AFP er livsvarig, til forskjell frå dagens løysing. Gitt at dei tilsette oppfyller visse kvalifikasjonskrav vil dei motta ny AFP så lenge dei lever. Degens AFP utbetalast på eit eller anna tidspunkt mellom fylte 62 år og 67 år. Dagens ordning er altså for ei kortare tidsavgrensa periode (men med høgare årlege beløp enn ved ny AFP). I ein periode framover vil vi få ei auke i pensjonspremie fordi vi i nokre år skal finansiere både gammal og ny ordning.

Tabellen nedanfor spesifiserer budsjettert pensjonskostnad for åra 2025-2028 (sum for KLP og SPK). Som det framgår av tabellen så er budsjettert pensjonsutgift (inkludert AGA) 14,8 mill. høgare i 2026 enn i 2025.

Pensjonsutgift	2025	2026	2027	2028
Netto pensjonskostnad inkludert omkostningar	49 719 822	59 332 373	60 138 278	60 475 888
Innbetalt pensjonspremie	88 202 033	82 033 208	80 700 065	85 121 765
Estimat 2% betalt av arbeidstakar	-9 600 000	-9 600 000	-9 600 000	-9 600 000
<b>Sum pensjonspremie</b>	<b>78 602 033</b>	<b>72 433 208</b>	<b>71 100 065</b>	<b>75 521 765</b>
Premieavvik	-38 482 211	-22 700 835	-20 561 787	-24 645 877
Amortisering premieavvik	25 200 518	28 524 092	29 193 818	30 097 361
<b>SUM budsjettert pensjonsutgift</b>	<b>65 320 340</b>	<b>78 256 464</b>	<b>79 732 096</b>	<b>80 973 248</b>
AGA av pensjon	9 210 168	11 034 161	11 242 226	11 417 228
<b>SUM pensjon inkludert AGA</b>	<b>74 530 508</b>	<b>89 290 626</b>	<b>90 974 321</b>	<b>92 390 476</b>
<b>Endring i kostnad samanlikna med 2025</b>		<b>14 760 118</b>	<b>16 443 813</b>	<b>17 859 968</b>

## Note 7. Låneadministrasjon

Låneadministrasjon er det vi betaler til vår forvaltar for bistand med gjeldsforvaltning.

## Note 8. Renteutgifter på eksisterande lån

Renteutgift på eksisterande lån er berekna ved å multiplisere gjeldsportefølja med forventa rente. I berekning av forventa renta har vi tatt utgangspunkt i Norges bank sin forventa renteutvikling publisert i pengepolitisk rapport nr. 3/2024 (19. september). I denne rapporten framgår både forventa styringsrente og forventa 3 månaders pengemarkedsrente (3 mnd. NIBOR) for perioden 2024-2027. Vi har tatt utgangspunkt i 3 mnd. NIBOR + margin. 6. november var det nytt rentemøte i Norges Bank. Styringsrenta blei holdt uendra på 4,5%. Norges Bank utarbeida ikkje nye prognoser i dette møtet. Prognosa frå rentemøtet 19. september er derfor fortsatt gjeldende prognose frå Norges Bank. Vi har nytta margin anbefalt av vår gjeldsforvalter (Bergen Capital Management). På lån med flytande rente anbefaler dei å bruke forventa 3 mnd. NIBOR + margin på 0,6%. På korte lån i verdipapirmarkedet 3 mnd. NIBOR + 0,25% og langsiktige lån 3 mnd. NIBOR + 0,5%. På same måte som i budsjett 2024 har vi valt å bruke desse estimata for budsjettrente. Dette gir følgande budsjettrente for 2025-2028:

Budsjettrente	Budsjett 2024	Faktisk hittil 2024	Budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028
3 mnd NIBOR	4,76 %	4,72 %	4,28 %	3,49 %	3,07 %	3,07 %
Flytende rente	5,36 %	5,50 %	4,88 %	4,09 %	3,67 %	3,67 %
Korte lån i VPM	5,01 %	4,82 %	4,53 %	3,74 %	3,32 %	3,32 %
Lange lån i VPM	5,26 %	5,12 %	4,78 %	3,99 %	3,57 %	3,57 %

Vi har forskjellige lån i vår gjeldsportefølje. Vi bruker forskjellig budsjettrente på forskjellig type lån:

- Fastrentelån: Her bruker vi den renta som er fastsett i låneavtalen. Dersom eit fastrentelån har forfall i økonomiplanperioden bruker vi renta for lange lån i verdipapirmarkedet som estimat på rente etter at fastrenteavtalen har utløpt.
- Sertifikatlån (kortsiktige lån som blir «rullert»): Her bruker vi rente for kortsiktige lån i VPN.
- FRN-lån (FRN = floating-rate note): Dette er ein type lån der renta blir satt basert på 3 mnd. NIBOR + ein fastsett margin i låneavtalen. Dersom eit slikt lån har forfall i økonomiplanperioden bruker vi rente for lange lån i VPN i estimat etter at låneavtalen har utløpt.
- Flytande lån: Her bruker vi 3 mnd. NIBOR + margin på 0,6%.

For å berekne effekten av lån til nye investeringar har vi brukt rente for korte lån i VPM.

Gjennomsnittleg rente på låneporteføljen til Sula kommune ligg lågare enn budsjettrentene i tabellen over. Dette er fordi deler av låneporteføljen vår består av

fastrentelån med lågare rente enn dagens rentenivå. Vi forventar at gjennomsnittleg rente på låneporteføljen vår for 2025 blir på 3,59%.

### Note 9. Avdragsutgift på eksisterande lån

I budsjettet har vi lagt til grunn at vi skal betale minimumsavdrag.

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}$$

### Note 10. Renteinntekt og avkastning

I budsjettering av renteinntekt har vi tatt utgangspunkt i forventa rente vi får i banken. Vi får der 3 mnd. NIBOR + margin på 0,3%. Vi har lagt til grunn Norges bank si forventning om 3 mnd. NIBOR (forventning pr 19.09.24).

I budsjettering av avkastning på fondsplasseringar har vi lagt til grunn ei avkastning på 10% av grunnlag. Pr 23.09.24 er marknadsværdi på langsiktige fondsplasseringar på 106 mill. For budsjett 2025 har vi brukt 100 mill. som grunnlag (det blir kanskje behov får å selje noko pga. likviditetsmessig situasjon). Budsjettert avkastning for 2025 blir da 100 mill. \* 10% = 10 mill. Vi legg inn ein høgare risiko i budsjettert avkastning enn vi har gjort tidlegare. Tidlegare har vi brukt budsjetterrente + 0,5%. Vi vurderer det likevel som forsvarleg å legge inn ei høgare forventa avkastning enn vi har gjort tidlegare. Sjølv om avkastninga svingar frå år til år så er det forventa at den over tid vil gi god avkastning. Tabellen nedanfor viser budsjettert avkastning og faktisk avkastning i perioden 2012-2024 (2024 er prognose). Tabellen viser at vi i gjennomsnitt har fått høgare avkastning enn budsjettert.

Avkastning	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Gj.snitt
Avkastning	6,1	10,1	8,1	3,0	3,9	5,7	0,1	6,5	2,9	8,0	-1,6	15,0	18,0	6,6
Budsjett	3,9	3,5	2,0	2,2	1,7	1,4	1,4	1,8	1,8	1,4	1,5	3,1	5,0	2,4
Differanse	2,3	6,6	6,1	0,8	2,2	4,3	-1,4	4,8	1,2	6,6	-3,1	11,9	13,0	4,3

(Tala i tabellen er i million kr)

For åra 2026-2027 budsjetterer vi med ein nedgang i avkastning. Dette fordi det er sannsynleg at vi i åra framover må selje deler av fonda for å ha tilstrekkeleg med likviditet. Dette har samband med at vi budsjetterer med negativt driftsresultat i økonomiplanperioden.

### Note 11. Avsetning for lønns- og prisvekst

Sentral avsetning for lønnsoppgjær 2024: Årslønnsveksten i kommunal sektor er forventa å bli på 5,2% for 2024. Deler av årslønnsveksten for 2024 er innarbeida i budsjettertrammene for einingane. Det gjeld lønnsoverhenget frå 2023. Men auka for lønnsoppgjær 2024 er foreløpig ikkje lagt inn i budsjettertrammene for 2025.

Lønnsoppgjøret for 2024 (fråtrekt lønnsoverheng frå 2023) er estimert til å utgjere ein kostnad 20,35 mill. (basert på årslønnsvekst på 5,2%). Dette inkluderer kostnad til pensjon og arbeidsgivaravgift.

I tillegg til avsetning for å dekke lønnsoppgjøret 2024 er det satt av ei avsetning som skal dekke lønns- og prisvekst for 2025. Denne avsetninga er berekna til 30,5 mill. Avsetninga er i hovudsak berekna slik:

- Budsjetterte lønspostar er auka med forventa årslønnsvekst i kommunal sektor i 2025 på 4,5%
- Budsjetterte utgifter til varer og tenester er auka med forventa vekst for varer og tenester i kommunal sektor i 2025 på 3,5%
- Gebyrinntekter, husleigeinntekter osv. er auka med 2,8% (iht. forslag til gebyrregulativ. 2,8% er endring i KPI frå juli 2023 til juli 2024).
- Det er ein del unntak frå «hovudreglane» ovanfor. F.eks. så blir gebyrinntekter frå sjølvkostområdet (VAR) berekna særskilt, og foreldrebetaling frå barnehagar følger nasjonal maksimumssats.

#### Note 12. Budsjettramme Organisasjon og utvikling

Utgangspunktet er budsjettramme for 2024. Deretter er det gjort korrigeringar knytt til tiltak som blei lagt inn i 2024 og som ikkje skal med vidare til 2025. Det er deretter lagt inn nye tiltak og endringar i budsjettramme. Tabellen nedanfor viser korleis budsjettramme for 2025 er berekna:

Budsjettramme Organisasjon og utvikling	Beløp
Budsjettramme 2024	60 506 724
Justering knytt til tiltak i 2024, "Borgundfjordtunnelen"	-550 000
Justering knytt til tiltak i 2024, oppstartsutgifter ny programvare	-180 000
<b>Budsjettramme 2025 før nye tiltak</b>	<b>59 776 724</b>
Overføring Sula Sokn. 10-årsservice av orgelet i Langevåg kyrkje (iht øk.plan 2024-2027)	300 000
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	2 000 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-1 500 000
<b>Budsjettramme 2025 etter nye tiltak</b>	<b>60 576 724</b>

Kommentarar til nokre av beløpa:

- Rammeauke knytt til dagens driftsnivå: I 2024 er budsjettrammene for kommunalområda lavere enn det reelle driftsnivået. Dette resulterer i meirforbruk. I budsjett 2025 er det lagt inn ei rammeauke på kvart kommunalområde for å gi eit noko meir realistisk budsjett i forhold til dagens driftsnivå.
- Omstilling drift / innsparingskrav: Utfordringsbilete er stort og det må gjerast parallelle grep for å hindre at vi vert sett under statleg styring. Dei parallelle grepa som er skissert i kapittel 6 er forventa å gi ein innsparingseffekt på 10 mill. kroner i 2025. Dette er totalt for alle kommunalområda. For organisasjon og utvikling er

innsparingskravet på 1 mill. kroner (i forslag frå kommunedirektør). Grunnen til at linjene «Rammeauke knytt til dagens driftsnivå» og «Omstilling drift / innsparingskrav» ikkje er slått saman til eit beløp er for å synleggjøre innsparingskravet. I vedtatt budsjett av kommunestyret 05.12.24 blei innsparingskravet for Organisasjon og utvikling auka frå 1 mill til 1,5 mill

### Note 13. Budsjettramme Kultur og oppvekst

Utgangspunktet er budsjettramme for 2024. Deretter er det gjort korrigeringar knytt til tiltak som blei lagt inn i 2024 og som ikkje skal med vidare til 2025, samt korrigeringar knytt til endringar som framgår av økonomiplan 2024-2027. Det er deretter lagt inn nye tiltak og endringar i budsjettramme. Tabellen nedanfor viser korleis budsjettramme for 2025 er berekna:

<b>Budsjettramme Kultur og oppvekst</b>	<b>Beløp</b>
Budsjettramme 2024	319 372 653
Justering knytt til ny opplæringslov (iht økonomiplan 2024-2027)	140 000
Rammereduksjon skule (iht økonomiplan 2024-2027)	-2 500 000
Justering av budsjettrammer kommunale barnehagar (iht økonomiplan 2024-2027)	1 664 024
Justering av budsjettramme private barnehagar	8 776 026
Reduksjon i budsjettramme PPT knytt til UngdomsLOS (iht økonomiplan 2024-2027)	-500 000
Reduksjon barnevern. Mindre rammeoverføring til barnevernsreforma (iht øk.plan 24-27)	-350 000
Reduksjon knytt til aktivitetstilskot kulturmidlar (iht økonomiplan 2024-2027)	-100 000
<b>Budsjettramme 2025 før nye tiltak</b>	<b>326 502 703</b>
Gratis halvdagsplass SFO, 3 trinn	4 270 000
Endring iht statsbudsjett: Pensjon for fosterforeldre	100 000
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	15 000 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-6 000 000
<b>Budsjettramme 2025 etter nye tiltak</b>	<b>339 872 703</b>

Kommentarar til nokre av beløpa:

- I økonomiplan 2024-2027 vedtok kommunestyret at budsjettramma for skulane skulle ned med 2,5 mill. samanlikna med budsjettramme for 2024
- Justering av budsjettramme for kommunale og private barnehagar er i hovudsak knytt til redusert foreldrebetaling som følgje av at makspris for barnehagane blei redusert frå 3.000kr pr måned til 2.000kr pr måned frå august 2024. Reduksjon i inntekt blir dekt gjennom auke i rammetilskot. For private barnehagar ligg det også ei auke knytt til forventning om fleire barn i private barnehagar i 2025 samanlikna med 2024
- Reduksjon barnevern: I forbindelse med barnevernsreforma fekk vi auke i rammetilskot frå staten. Tilsvarande beløp som vi har fått i auke i rammetilskot har blitt lagt inn som auke i budsjettramme for barnevern. Deler av auke i rammetilskot har vore berekna ved «særskilt fordeling». Frå 2025 er slutt på den særskilte fordelinga. Dette slår negativt ut for rammetilskot til Sula kommune. Vi

forventar ein nedgang i rammetilskot på 350.000kr knytt til dette. Budsjettramme for barnevern er redusert tilsvarande. Dette er iht. økonomiplan for 2024-2027.

- Gratis halvdagsplass SFO, 3. trinn: Frå august 2023 blei det gratis plass (12 timer) for SFO på 3. trinn. Dette medfører tapt foreldrebetaling. Beløp som er lagt inn i auka budsjettramme er tilsvarande beløp som vi forventar å få i auka rammetilskot som følgje av denne ordninga. Vi har gjort det på tilsvarande måte ved innføring av gratis SFO ved 1. trinn og 2. trinn. Auke i rammetilskot stemt ganske bra med faktisk reduksjon i inntekt.
- Dagens ordning om aktivitetstilskot til barn og unge vert vidareført, men årleg beløp vert auka, jf. politisk vedtak K073/24 i sak om [Evaluering av ordninga med aktivitetstilskot og utredning om fritidskort som alternativ ordning](#). I 2025 vert beløpet på kr. 230 000, og sum vil verte årleg indeksregulert etter konsumprisindeks. I tillegg skal det aktivt søkjast eksterne midlar som bidreg til å kunne tildele midlar utover denne summen.
- Rammeauke knytt til dagens driftsnivå: I 2024 er budsjettrammene for kommunalområda lavere enn det reelle driftsnivået. Dette resulterer i meirforbruk. I budsjett 2025 er det lagt inn ei rammeauke på kvart kommunalområde for å gi eit noko meir realistisk budsjett.
- Omstilling drift / innsparingskrav: Utfordringsbilete er stort og det må gjerast parallelle grep for å hindre at vi vert sett under statleg styring. Dei parallelle grepa som er skissert i kapittel 6 er forventa å gi ein innsparingseffekt på 10 mill. kroner i 2025. Dette er totalt for alle kommunalområda. For kultur og oppvekst og oppvekst er innsparingskravet på 3,5 mill. kroner (i forslag frå kommunedirektør). I vedtatt budsjett av kommunestyret 05.12.24 blei innsparingskravet for Kultur og oppvekst auka frå 3,5 mill til 5 mill.

#### Note 14. Budsjettramme Helse og meistring

Utgangspunktet er budsjettramme for 2024. Deretter er det gjort korrigeringar som følger av økonomiplan 2024-2027. Det er deretter lagt inn nye tiltak og endringar i budsjettramme. Tabellen nedanfor viser korleis budsjettramme for 2025 er berekna:

Budsjettramme Helse og meistring	Beløp
Budsjettramme 2024	277 526 546
Driftstilskot fysioterapi. Heilårseffekt av tiltak vedtatt i 2024 (iht økonomiplan 2024-2027)	141 000
Miljøterapeutisk team i heimetenesta. Heilårseffekt (iht økonomiplan 2024-2027)	1 020 000
<b>Budsjettramme 2025 før nye tiltak</b>	<b>278 687 546</b>
Refusjon ressurskrevjande brukerar. Effekt av ny modell	-2 193 658
Auka budsjett som følge av endring demografi (iht økonomiplan 2024-2027)	2 000 000
Endring iht statsbudsjett: Vaksinasjonsprogram	350 000
Endring iht statsbudsjett: Sosialhjelp	60 000
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	15 000 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 500 000
<b>Budsjettramme 2025 etter nye tiltak</b>	<b>286 403 888</b>

Kommentarar til nokre av beløpa:

- Refusjon ressurskrevjande brukarar: Som forklart i note 1 så blir modell for berekning av refusjon for ressurskrevjande brukarar endra frå 2025. Vi har berekna at endringa vil få ein positiv effekt på 2,2 mill.
- I dei siste års økonomiplanar har det blitt lagt inn ei årleg auke på 3 mill. til Helse og meistring som følgje av endringar i demografi. Dette er også lagt til grunn for økonomiplan 2025-2028. For 2025 er beløpet splitta med 1 mill. til miljøterapeutisk team i heimetenesta, og 2 mill. som ikkje er fordelt konkret enda.
- Rammeauke knytt til dagens driftsnivå: I 2024 er budsjetttrammene for kommunalområda lavere enn det reelle driftsnivået. Dette resulterer i meirforbruk. I budsjett 2025 er det lagt inn ei rammeauke på kvart kommunalområde for å gi eit noko meir realistisk budsjett i forhold til dagens driftsnivå.
- Omstilling drift / innsparingskrav: Utfordringsbilete er stort og det må gjerast parallelle grep for å hindre at vi vert sett under statleg styring. Dei parallelle grepa som er skissert i kapittel 6 er forventa å gi ein innsparingseffekt på 10 mill. kroner i 2025. Dette er totalt for alle kommunalområda. For Helse og meistring er innsparingskravet på 5 mill. kroner (i forslag frå kommunedirektør). I vedtatt budsjett av kommunestyret 05.12.24 blei innsparingskravet for Helse og meistring auka frå 5 mill til 7,5 mill.

#### Note 15. Budsjetttramme for Samfunn (ekskl. VAR)

Utgangspunktet er budsjetttramme for 2024. Deretter er det gjort korrigeringar som følger av økonomiplan 2024-2027. Det er deretter lagt inn nye tiltak og endringar i budsjetttramme. Tabellen nedanfor viser korleis budsjetttramme for 2025 er berekna:

Budsjetttramme Samfunn (ekskl VAR)	Beløp
Budsjetttramme 2024	35 210 422
Justering eigedom knytt til leige av psykiatrilokaler	-350 000
Justering knytt til tiltak 2024, "Digitalisering av arkiv på byggesak" (iht øk.plan 2024-2027)	-250 000
Justering knytt til tiltak 2024, "Reguleringsplan Solavågen"	-500 000
Justering knytt til tiltak 2024, "Reguleringsplan Vedde-Holsneset"	-1 000 000
<b>Budsjetttramme 2025 før nye tiltak</b>	<b>33 110 422</b>
Auke i budsjetttramme til brann og ulykkesvern	530 000
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå	2 000 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-800 000
<b>Budsjetttramme 2025 etter nye tiltak</b>	<b>34 840 422</b>

Kommentarar til nokre av beløpa:

- I budsjett 2024 blei det lagt inn 350.000kr knytt til halvårseffekt av leige av psykiatrilokaler. I 2024 har det i staden blitt kjøpt lokale. Budsjetterte leigeutgifter er derfor tatt ut frå budsjett.

- Tiltak for digitalisering av arkiv blei lagt inn som eit eingongsbeløp i budsjett 2024 og er derfor trekt ut av budsjetttramma for 2025. Dette er iht. økonomiplan for 2024-2027.
- Reguleringsplan Solavågen: I økonomiplan 2024-2027 framgår det at budsjett for denne planen var 1 mill. i 2024 og 0,5 mill. i 2025. Budsjettet er derfor redusert med 0,5 mill. i 2025 samanlikna med 2024.
- Reguleringsplan Vedde-Holsneset». I økonomiplan 2024-2027 blei det lagt inn 1 mill. i 2024, og ikkje noko i 2025. Budsjetttramma er derfor redusert med 1 mill. samanlikna med 2024.
- Rammeauke knytt til dagens driftsnivå: I 2024 er budsjetttrammene for kommunalområda lavere enn det reelle driftsnivået. Dette resulterer i meirforbruk. I budsjett 2025 er det lagt inn ei rammeauke på kvart kommunalområde for å gi eit noko meir realistisk budsjett i forhold til dagens driftsnivå.
- Omstilling drift / innsparingskrav: Utfordringsbilete er stort og det må gjerast parallelle grep for å hindre at vi vert sett under statleg styring. Dei parallelle grepa som er skissert i kapittel 6 er forventa å gi ein innsparingseffekt på 10 mill. kroner i 2025. Dette er totalt for alle kommunalområda. For Samfunn er innsparingskravet på 0,3 mill. kroner (i forslag frå kommunedirektør). I vedtatt budsjett av kommunestyret 05.12.24 blei innsparingskravet for Samfunn auka frå 0,3 mill til 0,8 mill.

#### Note 16. Budsjetttramme VAR

VAR er forkortelse for Vatn, Avløp og Renovasjon. På budsjettlinja for VAR står det eit negativt beløp på **26.361.000kr**. Det betyr at inntektene som vert bokført på dette området er større enn utgiftene som blir ført på dette området. Grunnen til dette er fordi inntektene også skal dekke enkelte utgifter som vert bokført på andre områder. Tabellen nedanfor viser eit forenkla sjølvkostbudsjett:

<b>Vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam, forureining (VAR)</b>	<b>2025</b>
Lønn og andre driftsutgifter (budsjettert på VAR-området)	42 820 000
Rente- og avdragsutgifter (budsjettert "sentralt")	24 100 000
Indirekte utgifter (budsjettert på andre områder)	2 261 000
Gebyrinntekter (budsjettert på VAR-området)	-74 889 000
Avsetning til bundet fond (budsjettert på VAR-området)	5 708 000
<b>Resultat VAR etter fondavsetning</b>	<b>0</b>
<b>SUM budsjettert på VAR-området</b>	<b>-26 361 000</b>

Forklaring av tabell:

- Resultat på VAR-området skal gå i null. Det betyr at gebyrinntektene skal dekke kostnadane. Dersom 2025 går med overskot skal overskotet settast av på bundet

fond til bruk seinare år. Dersom 2025 går med underskot så bokføres underskotet som framførbart underskot til inndekning i seinare år. For 2025 er det budsjettert med eit overskot på 5,7 mill. Som tabellen viser så er resultatet null etter avsetning til fond.

- Linjene som er merka med gult er budsjettpostar som blir ført på VAR-området. Sum av dei gule linjene er **-26.361.000kr**. Det er dette beløpet som står på VAR-linja i budsjettet. Desse budsjettpostane er:
  - Lønn og andre driftsutgifter: Dette inkluderer blant anna lønn til tilsette, kjøp utstyr og materialar, kjøp av tenester til vedlikehald, kjøp av tenester frå Attvin, kjøp frå Ålesund kommune osv.
  - Gebyrinntekter
  - Avsetning til bundet fond.
- Linjene utan farge er budsjetterte utgifter som er ført andre stader enn på VAR-området. Dette er likevel utgifter som gebyrinntektene skal dekke. Dette gjeld:
  - Rente- og avdragsutgifter knytt til investeringar på VAR-området. Rente- og avdragsutgifter blir bokført «sentralt», saman med rente- og avdragsutgifter knytt til investeringar frå anna kommunal verksemd.
  - Indirekte utgifter: Dette gjeld blant anna VAR sin andel av utgifter til revisjon, andel av utgifter til fakturering og innfordring, andel av utgifter knytt til regnskapsføring og lønnskjøring, andel av tidsbruk til leiing/kommunalsjef osv.

#### Note 17. Budsjetttramme Politisk styring

Utgangspunktet er budsjetttramme for 2024. Tabellen nedanfor viser korleis budsjetttramme for 2025 er berekna:

Budsjetttramme Politisk styring	Beløp
Budsjetttramme 2024	5 661 425
Utgifter til stortingsval (iht økonomiplan 2024-2027, beløp er noko justert)	530 000
Omstilling av drift	-50 000
<b>Budsjetttramme 2025 etter nye tiltak</b>	<b>6 141 425</b>

#### Note 18. Rente- og avdragsutgift på nye investeringstiltak

Spesifikasjon på rente- og avdragsutgifter på nye investeringstiltak går fram av økonomiplan 2025-2028 for investeringar.

#### Note 19. Eigedomsskatt

For 2025 er det budsjettert med 1 promille. For åra 2026-2028 er det budsjettert med 2 promille. Kvar promille utgjer ca. 12 mill. i eigedomsskatt.

Gjennomsnittleg eigedomsskatt for ein bustad i Sula kommune i 2024 er 3.067kr.

Tabellen nedanfor viser utvikling i inntekt frå eigedomsskatt frå 2020 til 2024:

Kategori	Antall	Skatt 2024	Skatt 2023	Skatt 2022	Skatt 2021	Skatt 2020	Kommentar
Bustader. Formuesgrunnlag	3 362	10 422 019	9 625 237	8 973 591	5 843 274	5 593 108	Botnfrådrag fjerna i 2022. Auke i FG
Bustader. Taksert	83	145 002	157 291	130 814	117 532	184 115	Ingen store endringer
Fritidsbustad. Taksert	133	29 593	25 995	26 519	2 625	4 770	Ingen store endringer
Naust. Taksert	318	34 520	33 350	30 953	32 306	65 937	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Tomt bustad. Taksert	665	176 840	177 345	176 792	175 734	251 017	2021: Minste fakt. auka frå 50kr til 300kr
Næringseigedom	144	770 387	772 799	777 446	784 445	0	Innført i 2021
<b>Sum</b>	<b>4 705</b>	<b>11 578 361</b>	<b>10 792 017</b>	<b>10 116 115</b>	<b>6 955 916</b>	<b>6 098 947</b>	

## Note 20. Bruk av disposisjonsfond

Tabellen nedanfor viser budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2024, prognose for bruk av disposisjonsfond 2024 og budsjett for 2025-2028.

År	Budsjett 2024	Prognose 2024	2025	2026	2027	2028
Bruk av disposisjonsfond	14 500 000	41 300 000	27 000 000	2 900 000	4 100 000	4 700 000

Nedanfor har vi satt opp ein spesifikasjon som forklarar endringane. Den første tabellen viser forskjell i bruk av disposisjonsfond i budsjett 2024 og budsjett 2025. Den neste tabellen viser forskjell i bruk av disposisjonsfond i prognose 2024 og budsjett 2025. Deretter er det tabellar som viser forskjell frå 2025 til 2026, frå 2026 til 2027 og frå 2027 til 2028. Den siste tabellen viser forskjellen i bruk av disposisjonsfond i budsjett 2025, og år 2025 i økonomiplan 2024-2027.

## Forskjell frå budsjett 2024 og budsjett 2025

I økonomiplanen kan det vere vanskelig å samanlikne linje for linje. Dette som følge av lønns- og prisvekst, samt andre endringer som f.eks flytting av budsjettmidler frå eit område til eit anna.

I tabellen nedanfor har vi laga eit oppsett på eit overordna nivå som forklarar hovudforskjellane. Vi har tatt utgangspunkt i 2024-tala i bevilgningsoversikt drift (kapittel 11). Vi har «grossa» opp 2024-tala med forventta kommunal deflator på 4,1% for 2025. (Kommunal deflator = lønns og prisvekst i kommunal sektor). Eksempel:

- Frie inntekter: Post 1 og 2 i bevilgningsoversikt drift viser frie inntekter i budsjett 2024 på 704,5 mill. Justert for kommunal deflator blir beløpet 733,4 mill. Dette beløpet er samanlikna med budsjett 2025 på 752,8 mill. Basert på denne berekninga er frie inntekter 19,4 mill høgare i budsjett 2025 enn i budsjett 2024.
- Sum bevilgninger (netto budsjetttramme for kommunalområda): Post 6 i bevilgningsoversikt drift viser 672,1 mill i 2024. Justert for kommunal deflator i 2025 blir beløpet 699,7 mill. Dette beløpet er 30,2 mill lavere enn bevilgning for 2025. Auke i bevilgning i 2025 samanlikna med 2024 består i hovudsak av rammeauke knytt til dagens driftsnivå (for meir realistisk budsjett) på 34 mill, rammeauke som følge av oppgaveendringar på 4,8 mill (dette medfører

tilsvarende auke i rammetilskot), rammeauke knytt til brann og ulykkesvern på 0,5 mill, innsparingskrav i kommunalområda på 16 mill, og auka pensjonsutgifter på 7,2 mill.

<b>Forskjell frå budsjett 2024 (pr 11.05.24) og budsjett 2025</b>	<b>Beløp</b>
Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2024	<b>14 500 000</b>
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå (for meir realistisk budsjett)	34 000 000
Rammeauke knytt til oppgaveendringer (medfører også auka i frie inntekter)	4 800 000
Rammeauke knytt til brann og ulykkesvern	500 000
Pensjon. Auke i utgifter samanlikna med budsjett 2024	7 200 000
Omstilling drift / innsparingskrav	-16 000 000
Frie inntekter. Auke samanlikna med budsjett 2024	-19 400 000
Eigedomsskatt. Auke i formuesgrunnlag	-400 000
Integreringstilskot flyktningar og andre statstilskot. Reduksjon frå 2024	5 300 000
Finansugifter (renteutgift og avdrag). Auke samanlikna med budsjett 2024	2 100 000
Finansinntekter (renteinntekt og avkastning). Auke samanlikna med 2024	-4 500 000
Andre endringer. F.eks "engangstiltak" i 2024 som ikkje er vidareført til 2025	-1 100 000
<b>Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2025</b>	<b>27 000 000</b>

### **Forskjell frå prognose 2024 til budsjett 2025**

Budsjett for 2025 er 14 mill. betre enn prognose for 2024. Tabellen nedanfor spesifiserer endringane:

<b>2024</b>	<b>Beløp</b>
Prognose i saksframlegg for budsjettkontroll 2. tertial	45 400 000
Oppdatert med prognose for frie inntekter iht statsbud. og tillegg til statsbud.	-4 100 000
<b>Oppdatert prognose for bruk av disposisjonsfond i 2024</b>	<b>41 300 000</b>

<b>2025</b>	<b>Beløp</b>
Utgangspunkt. Prognose for 2024	<b>41 300 000</b>
Auke i utgifter i 2025 (pensjon, renter, avdrag, brann/ulykkesvern, stortingsval)	9 000 000
Reduksjon i budsjettert avkastning frå fond samanlikna med prognose 2024	8 000 000
Forventa auke i frie inntekter	-15 300 000
Omstilling av drift / innsparing (fra driftsnivå 2024)	-16 000 000
<b>Budsjettert bruk av disposisjonsfond 2025</b>	<b>27 000 000</b>

Endringane skuldast i hovudsak at det er lagt inn mål om innsparing på 16 mill. og auke i frie inntekter. Forventa auka i frie inntekter er berekna med grunnlag i informasjon i statsbudsjettet:

Anslag i statsbudsjett for frie inntekter i 2024	Korreksjon for oppgaveendringar i 2025	Anslag korrigerede inntekter 2024	Forventa auke med kommunal deflator på 4,1%	Prisjustert korrigerede inntekter 2024	Anslag i statsbudsjett for frie inntekter i 2025	Auke i korrigerede frie inntekter frå 2024 til 2025
695 444 000	5 581 000	<b>701 025 000</b>	28 742 025	<b>729 767 025</b>	742 358 000	<b>12 590 975</b>

I tillegg til dei 12,6 mill frå tabell over er det forventa at vi får 0,4 mill som tillegg knytt til auka behov i barnehage (som forklart i note 1), samt 2,3 mill ekstra som følge av budsjettforlik mellom regjeringa og SV (som forklart i note 1).

Sjølv om inntektene aukar så har vi også vektst i utgifter. Vi forventar f.eks. ei auke i pensjonsutgifter på ca. 5 mill. samanlikna med 2024. Vi forventer også auke i finansutgifter.

Når det gjeld avkastning frå fondsinvesteringar så budsjetterer vi med lågare avkastning enn prognose for avkastning i 2024. Prognose for avkastning frå langsiktige fondsinvesteringar er på 18 mill. i 2024. For 2025 har vi budsjettert med ei avkastning på 10 mill.

### **Forskjell frå budsjett 2025 og 2026 i økonomiplan 2025-2028**

Økonomiplan 2026 er 24,1 mill betre enn budsjett for 2025. Tabellen nedanfor spesifiserer endringane:

<b>2026</b>	<b>Beløp</b>
Utgangspunkt. Budsjett 2025	<b>27 000 000</b>
Auke skatteinntekter / inntektsutjevning. Effekt av nytt innekstssystem	-4 600 000
Nedgang i renteutgifter (eksl VAR). Pga lavere lånegjeld og lavere rentenivå	-6 000 000
Nedgang i avkastning	2 700 000
Auke eigedomsskatt frå 1 til 2 promille	-12 000 000
Andre endringer	-4 200 000
<b>Budsjettert bruk av disposisjonsfond 2026</b>	<b>2 900 000</b>

- Auke i skatteinntekter i 2026 samanlikna med 2025 er knytt til endring i inntektssystemet. Kommunane sin andel av formuesskatten skal halverast i løpet av 2025 og 2026. Kommunane får i staden ein større del av skatt på alminneleg inntekt. Sula kommune har lave inntekter frå formuesskatt samanlikna med landsgjennomsnittet. Denne endringa slår derfor positivt ut for Sula kommune. Endringa får full effekt frå 2026. Ei anna endring som slår positivt ut er auka grad av inntektsutjamning frå 2025 til 2026 (sjå forklaring i note 1).  
I budsjettforlik mellom regjeringa og SV (tidleg i desember 2024) kom det nok ei endring som påverkar 2026. Det er heilårseffekt av ekstra bevilgning til SFO frå 01.08.25. Effekten av dette er auka inntekt med 1,4 mill i 2026 samanlikna med 2025.
- Reduksjon i renteutgifter (ekskl. VAR) har samanheng med forventa nedgang i rentenivå (ref. note 8), samt at vi har budsjettert med ein nedgang i lånegjeld (ekskl. VAR). Når det gjeld VAR-område er det budsjettert med auka avdrags- og renteutgifter. Dette er knytt til investering i nytt avløpsrensaneanlegg. Men desse auka utgiftene dekkes av auke i kommunale gebyr, så dette påverkar ikkje kommunen sin ordinære verksemd.

- Nedgang i avkastning har sammenheng med reduksjon i grunnlag for avkastning. Pga. at vi har budsjettert med bruk av disposisjonsfond i 2025, har vi også lagt inn forventning om at dette vil medføre at vi må selje fondsandeler med tilsvarende beløp som bruk av disposisjonsfond.
- Eigedomsskatt: I budsjettvedtak for budsjett og økonomiplan 2025-2028 blei det vedtatt å viderføre 1 promille i eigedomsskatt i 2025, men deretter å auke den til 2 promille frå 2026 (vedtak om nivå på eigedomsskatt må gjerast kvart år).
- Andre endringar: Her ligg til dømes eingongstiltak for 2025 som er tatt ut av budsjetttramma for 2026.

### **Forskjell frå 2026 og 2027 / 2028 i økonomiplan 2025-2028**

Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2027 og 2028 er på nivå med 2026.

<b>2027</b>	<b>Beløp</b>
Utgangspunkt. Økonomiplan 2026	<b>2 900 000</b>
Andre endringer (pensjonsutgifter, kommunestyreval, avkastning, anna)	1 200 000
<b>Budsjettert avsetning til disposisjonsfond 2027</b>	<b>4 100 000</b>

<b>2028</b>	<b>Beløp</b>
Utgangspunkt. Økonomiplan 2027	<b>4 100 000</b>
Andre endringer (ingen val i 2028, avkastning, anna)	600 000
<b>Budsjettert avsetning til disposisjonsfond 2028</b>	<b>4 700 000</b>

### **Forskjell frå budsjett 2025 og år 2025 i økonomiplan for 2024-2027**

Bruk av disposisjonsfond i budsjett 2025 er på 27 mill. Dette er 16,9 mill. meir enn det som går fram av år 2025 i økonomiplan for 2024-2027. Tabellen nedanfor spesifiserer postane som i hovudsak forklarar forskjellen:

<b>Forskjell frå budsjett 2025 og 2025 i økonomiplan for 2024-2027</b>	<b>Beløp</b>
Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2025 i økonomiplan for 2024-2027	<b>10 100 000</b>
Rammeauke knytt til dagens driftsnivå (for meir realistisk budsjett)	34 000 000
Rammeauke knytt til oppgaveendringer (medfører også auka i frie inntekter)	4 800 000
Rammeauke knytt til brann og ulykkesvern	500 000
Omstilling drift / innsparingskrav. Endra frå 5 mill til 16 mill	-11 000 000
Eigedomsskatt. Auke i formuesgrunnlag	-400 000
Frie inntekter. Auke samanlikna med 2025 i økonomiplan 2024-2027	-11 900 000
Integreringstilskot flyktningar. Nedgang samanlikna med 2025 i øk.plan 24-27	3 400 000
Pensjon. Auke samanlikna med 2025 i økonomiplan 2024-2027	2 600 000
Renteinntekt og avkastning. Auke samanlikna med 2025 i øk.plan 2024-2027	-5 000 000
Andre endringar	-100 000
<b>Budsjettert bruk av disposisjonsfond i 2025</b>	<b>27 000 000</b>

- Totalt er det lagt inn 34 mill. i rammeauke på kommunalområda knytt til dagens driftsnivå; 2 mill. på Organisasjon og utvikling, 15 mill. på Kultur og oppvekst, 15 mill. på Helse og meistring, 2 mill. på Samfunn.
- Omstilling drift / innsparing: I år 2025 i økonomiplan 2024-2027 låg det inne 5 mill. i innsparing. Denne er auka til 16 mill. i budsjett 2025.
- Integreringstilskot flyktningar; I økonomiplan 2024-2027 var det lagt inn forventa mottak av 50 flyktningar i 2023. Faktisk mottak blei 34. Dette påverkar integreringstilskotet i fleire år framover.
- Avkastning er høgare i budsjett 2025. Vi har lagt inn ein noko høgare risiko i budsjettering av avkastning enn tidlegare.
- Rammeauke knytt til oppgåveendringar. Deler av auka i frie inntekter frå 2024 til 2025 skuldast oppgåveendringar. Med desse oppgåveendringane følger det også med kostnader som gjer at budsjettrammene må aukast. For 2025 gjeld dette i hovudsak tapt foreldrebetaling som følgje av gratis halvdagsplass SFO for 3. klasse frå hausten 2024.

## 10. ØKONOMIPLAN 2025-2028, INVESTERING

Oversikten nedanfor viser dei planlagte investeringane i perioden 2025-2028.

Beløp i tusen kroner		INVESTERINGSUTGIFT					RENTE OG AVDRAGSUTGIFT			
Note	"Faste" investeringer	2025	2026	2027	2028	SUM	2025	2026	2027	2028
1	IKT. Felles IKT investeringar	1 250	1 000	1 000	1 000	4 250	23	252	466	680
1	Kyrkje. Rammeløyving investeringar	500	500	500	500	2 000	11	45	74	106
1	Eigedom. Rammeløyve mindre investering bygg	3 000	2 000	2 000	2 000	9 000	54	239	355	482
1	Bilar	2 750	2 000	2 000	2 000	8 750	62	415	657	907
	<b>SUM "Faste" investeringer</b>	<b>7 500</b>	<b>5 500</b>	<b>5 500</b>	<b>5 500</b>	<b>24 000</b>	<b>151</b>	<b>951</b>	<b>1 553</b>	<b>2 175</b>

Note	Andre investeringer	2025	2026	2027	2028	SUM	2025	2026	2027	2028
2	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2 000	4 000	4 000	2 000	12 000	36	159	331	487
3	Tenesteseenter (helsehus)	1 000	1 000	6 000	80 000	88 000	18	65	172	1 433
4	Barnehage	0	500	0	0	500	0	7	23	23
5	Barne og avlastningsbustad (forprosjekt)	500	0	0	0	500	9	25	23	23
6	ROP leiligheter herunder nødleilighet (forprosjekt)	500	0	0	0	500	9	25	23	23
7	Eigedom. Utfasing av lyskilder etter påbud	2 000	2 000	1 000	1 000	6 000	36	250	434	610
8	Vasset Borettslag	40 000	18 300	0	0	58 300	0	0	0	0
9	Felles minnesmerke til navna minnelund indre Sula	500	0	0	0	500	11	31	29	28
10	Oppgradering i Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)	500	0	0	0	500	9	25	23	23
11	Utstyr til storkjøkken på Sulatunet	1 200	0	0	0	1 200	22	132	125	121
11	Utstyr omsorgsdrift Sulatunet	300	0	0	0	300	5	33	31	30
12	Kostnad ifbm sal av Fiskerstrand skule	300	0	0	0	300	0	0	0	
12	Kostnad ifbm sal av Måseide skule	300	0	0	0	300	0	0	0	
13	Bukonsept i samarbeid med private (Nausthaugen)					0	0	0	0	0
13	Bukonsept i samarbeid med private (neste byggetrinn)					0	0	0	0	0
14	Bustader til pers. med nedsatt funk.evne (trinn 3 og 4)					0	0	0	0	0
	<b>SUM andre investeringer</b>	<b>49 100</b>	<b>25 800</b>	<b>11 000</b>	<b>83 000</b>	<b>168 900</b>	<b>156</b>	<b>752</b>	<b>1 214</b>	<b>2 801</b>

Note	VAR (sjølvkost)	2022-2024	2025	2026	2027	2028	SUM	2025	2026	2027	2028
15	Salen Pumpestasjon	0	0	0	3 620	0	3 620	0	0	60	211
16	Rammeløyviing vatn	7 500	4 000	4 000	4 000	4 000	23 500	91	324	529	755
16	Rammeløyviing avløp	21 000	10 000	10 000	10 000	10 000	61 000	227	810	1 322	1 887
17	Nytt avløpsrensaneanlegg	34 700	100 700	171 200	131 800	13 400	451 800	2 281	9 466	17 929	23 409
	<b>SUM VAR investeringer</b>	<b>63 200</b>	<b>114 700</b>	<b>185 200</b>	<b>149 420</b>	<b>27 400</b>	<b>539 920</b>	<b>2 598</b>	<b>10 600</b>	<b>19 839</b>	<b>26 261</b>

SUM		171 300	216 500	165 920	115 900	669 620	2 905	12 303	22 606	31 237
-----	--	---------	---------	---------	---------	---------	-------	--------	--------	--------

**Investeringsutgift:** Investeringar blir i hovudsak finansiert ved bruk av lån og meirverdiavgiftskompensasjon. Investeringsutgiftene blir utgiftsført inkludert MVA. Dette gjeld derimot ikkje for investeringar på VAR-området. Desse investeringane er knytt til avgiftspliktige tenester og her blir investeringane utgiftsført eksklusiv MVA.

**Avdragsutgift:** Avdragsutgift er berekna ved å ta lån knytt til investering og dele på levetida til investeringa. Første år med avdragsutgift er i året etter at gjennomført investering.

**Renteutgift:** Renteutgift er berekna ved å ta lån knytt til investering og gange med budsjettert rente. Det blir berekna halvårseffekt i investeringsåret.

**Prosjekter utan beløp:** For nokre av investeringsprosjekta har vi ikkje berekna rente- og avdragsutgifter. Dette gjeld prosjekter som skal vere sjølvfinansierande. F.eks. Vasset borettslag.

## Noter til økonomiplan 2025-2028, investering

### **Note 1. Løpande investeringar**

I investeringsplanen er det lagt inn årlege rammeløyvingar til investering. Dette skal dekke årlege investeringar til IKT, eigedom, bilar og overføring til Sula Sokn.

### **Note 2. Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi, og som følger opp vedtak i budsjett- og økonomiplan 2024-2027. For å redusere behovet for at skulevegar vert vurdert som særleg farlege, vil det bli gjennomført ei analyse og leggst ein samla plan som skal sikre trygge skulevegar i heile kommunen. Dette vil inngå som ein del av temaplan for veg (som er omtalt under 'Vurdering av planoppgåver i 2025').

### **Note 3. Tenestesenter (Helsehus)**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi.

Fleire av bygga våre har sprengt kapasitet, mest prekært er det for legekantoret, og på same måte kapasiteten ved storkjøkkenet på Sulatunet. Fleire av bygga har manglande funksjonalitet, og det er behov for å samlokalisere for å oppnå meir effektiv drift, gode tenester og attraktive arbeidsmiljø.

Det må også gjerast vurderingar av bruken og utnyttinga av Sula rådhus, og eventuell annan bygningsmasse som kan verte fristilt dersom det vert investert i eit tenestesenter.

Desse vurderingane er naturleg å ta i samband eit mogelegheitsstudie knytt til tenestesenter. Ein slik studie må vurdere plassering/tomteval, om kommune sjølv skal stå som utbyggjar/eigar og kva for tenester/funksjonar som kan ta ut størst synergjar ved samlokalisering og i kva grad det kan vere mogleg å gjennomføre i fleire byggetrinn. Ein må òg vurdere potensialet for naturlege eksterne leigetakarar, som t.d. NAV, apotek, distriktstannklinikk og kva synergjar det kan gi.

Føresetnadar i investeringsplan: Tenestesenteret er i 2025 budsjettert med 1 mill. til mogelegheitsstudie. I 2026 er det budsjettert med 1 mill. til forprosjekt. I 2027 er det budsjettert med 6 mill. til kjøp av tomt på 6 mål. I 2028-2029 er det budsjettert med 200 mill. i byggetrinn 1 (4.000 m<sup>2</sup>), 80 mill. i 2028, 120 mill. i 2029. 2029 er i året etter økonomiplanperioden, så det denne vises ikkje i økonomiplanen. Det er lagt til grunn en byggekostnad på 50.000kr pr m<sup>2</sup> (øvre skala). Prosjektet er foreslått utsett eit år samanlikna med investeringsplan i langsiktig drifts- og investeringsstrategi. I denne strategien låg investeringa inne i år 2026 og 2027. Av langsiktig drifts- og investeringsstrategi framgår det vidare eit planlagt byggetrinn 2 i 2031 på 100 mill. (2.000 m<sup>2</sup>).

#### **Note 4. Barnehage**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi. Det er mangel på barnehageplassar på indre del av kommunen og overkapasitet i Langevåg. For dei kommunale barnehagane vil ei strukturendring til fleire større kommunale barnehagar kunne bidra til optimal kostnadseffektiv drift og såleis påverke dei totale utgiftene som også omfattar tilskot til dei private barnehagane.

I arbeidet med kartlegging av barnehagebehov skildrar kommunalområde Kultur og oppvekst ulike alternativ, og i deira behovsplan for barnehagane peikar Sunde barnehage seg ut med størst behov og den barnehagen som vil gi størst effekt for drifta.

Forprosjekt som er budsjettert i 2026 vil sjå nærare på kapasitetsutfordringane fram i tid. Det må vurderast når det er hensiktsmessig å bygge en ny barnehage, kvar den skal byggast og om det skal være 4 eller 6 avdelingar. Prosjektet er foreslått utsett med eit år samanlikna med investeringsplan i langsiktig drifts- og investeringsstrategi. I denne planen låg mogleighetsstudie inne med 500.000 kr i 2025 og investeringsbeløp på 60 mill. i 2028. Investeringsbeløp på 60 mill. blei estimert med utgangspunkt i erfaringar frå Langevåg barnehage (6 avdelingar og 1.200 m<sup>2</sup> og ein byggekostnad på kr 50.000 pr m<sup>2</sup> som er i øvre skala).

#### **Note 5. Barne- og avlastningsbustad**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi.

Førebyggjande avlastningstilbod til barn og unge er ei teneste der vi i dag ikkje har god nok kapasitet og funksjonalitet til å møte behova tidleg nok slik at det kan utsette behovet for tyngre offentlege tenester. Vi veit at gode avlastingstenester er viktig for at barn og ungdom kan bu lengre i lag med familien sin. Kommunen er kjent med 23 barn og ungdom som i løpet av få år venteleg vil søke om etablering i eigen bustad. Desse kjem i tillegg til dei unge vaksne som skal bli sjølveigarar i Vasset borettslag. Behova til desse personane må vi møte offensivt med gode tilbod lavt i innsatstrappa og plan for, og tilgang til, eigna bustadar - og det hastar. I investeringsplan er det satt av 500.000kr til forprosjekt i 2025.

#### **Note 6. ROP - leilegheiter**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi.

Innan for rus/ psykiatri har vi ei veksande gruppe der fleire har vanskar med å skaffe seg eigna bustad. Særleg personar med samtidig rus- og psykisk helseutfordringar (ROP), er sårbare. Det er p.t. fleire personar i kommunen som ikkje bor godt nok og som får redusert sjansane for å kome i arbeid og kome over i ein betre livssituasjonen pga. manglande eller lite eigna bustad. Faren for permanent utanforskap for desse personane er betydeleg. Kommunen har i dag for få eigna utleigebustadar til menneske

med slike behov og vi manglar robustbustadar. I investeringsplan er det satt av 500.000kr til forprosjekt i 2025.

#### **Note 7. Eigedom. Utfasing av lyskjelder etter påbod**

Prosjektet følger investeringsplan i vedtatt økonomiplan for 2024-2027. Der låg det inne 1,5 mill. kvart år i fire år. Beløpa er justert noko samanlikna med dette.

#### **Note 8. Vasset borettslag**

Det er forventa oppstart av prosjektet i 2025. Kostnadsramme for prosjektet (K-sak 17/23) er 60,1 mill. Vi har budsjettert med 40 mill. i 2025 og resterande i 2026. Prosjektet skal etter planen seljast når det er ferdig.

#### **Note 9. Felles minnesmerke til namna minnelund på indre Sula kyrkjegard**

I K-sak 62/24 (Sula sokn - felles minnesmerke til namna minnelund på Indre Sula kyrkjegard) blei det gjort følgande vedtak: «Sula kommunestyre ber kommunedirektør vurdere å prioritere tiltaket felles minnesmerke til namna minnelund på indre Sula kyrkje i arbeid med budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028. Soknerådet har bedt Sula kommune løyve 500.000kr til prosjektet».

#### **Note 10. Oppgradering av Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)**

I investeringsbudsjettet er det satt av 500.000kr til oppgradering. Her vil vi vurdere å komme tilbake med konkrete planar og beløp i eiga sak.

#### **Note 11. Utstyr Sulatunet**

På storkjøkken er det behov for kombidamper og varimixere. På omsorgsdrift er det behov for diverse utstyr som personløfter og matvogner.

#### **Note 12. Kostnad i samband med sal av Fiskerstrand skule og Måseide skule**

Det er lagt inn utgifter med tanke på førebuing av sal av Fiskerstrand skule og Måseide skule. Utgiftene blir mellomfinansiert med bruk av lån, men utgiftene er tenkt dekt gjennom eit eventuelt sal av eigedomane.

#### **Note 13. Bukonsept i samarbeid med private**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi.

Dette er prosjekt som er tenkt i størst mogleg grad å vere sjølvfinansierande. Vi har derfor ikkje lagt inn beløp knytt til desse prosjekta.

Ei satsing på fleire leilegheiter tilrettelagt for å leve livet ut i egen heim vil ha behov for eit nært samarbeid med både Husbanken og private aktørar. Sula kommune vil truleg ha behov for å mellomfinansiere for å stimulere til leilegheitsutbygging.

Sula kommune er til forskjell frå dei fleste kommunar i fylket ein kommune med vekst i folketalet. Framskrivingar viser ei auke i innbyggjarar frå 2025 mot 2040 og 2050 (middelalternativet) på høvesvis 10% og 14% med størst auke for dei over 67 år (44% og 70%) og særleg for dei mellom 80-89 år med 109% og 173%.

Dette kjem også fram i bustadanalysen utarbeidd av Agenda Kaupang (januar 2024) som difor peikar på eit stort behov for tilpassa bustadar med universell utforming slik at folk kan bu trygt i eigen heim lengst mogleg. Utbygging av slike husvære vil òg opne for at fleire einbustadar etterspurd av og eigna for barnefamiljar, vil kome for sal i den private marknaden.

#### **Note 14. Bustader til menneske med nedsett funksjonsevne (byggetrinn 3 og 4)**

Dette er eit prosjekt som inngår i Langsiktig drifts- og investeringsstrategi.

Dette er prosjekt som er tenkt i størst mogleg grad å vere sjølvfinansierande. Vi har derfor ikkje lagt inn beløp knytt til desse prosjekta.

Vi har ein vekst i gruppa av personar med funksjonsnedsettingar og med til dels store hjelpebehov i eigen heim. Bustadane dei bur i må vere plassert og utforma på ein slik måte at dei som bur der opplever meistring og sjølvstende, og at pårørande og frivillige kan delta i større grad som støttespelarar. Lite tenlege bustadar og lite variasjon i bustadane, har medverka til unødige dyre tenester og fare for unødige bruk av tvang.

Vi treng fleire attraktive bukonsept for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette kan realiserast på ulikt vis, og kommunen si rolle kan her vere å stimulere til at private aktørar er utbyggjarar, eventuelt vere med på ei mellomfinansiering for så å selje eller leige ut. Jetmundgarden er steg 1 i denne planen og var det tiltaket som hasta mest. Det planlagde burettslaget på Vasset er trinn 2. Vidare trinn er ikkje planlagt, men modellen som er nytta for Vasset burettslag kan byggast vidare på i trinn 3 og andre framtidige byggetrinn.

#### **Note 15. Salen pumpestasjon**

I økonomiplan for 2024-2027 låg investeringa inne i 2025. Budsjettert investering er flytta til 2027.

#### **Note 16. Rammeløyve vatn og avløp**

I økonomiplanperioden er det vurdert eit behov for 10 mill. i årleg rammeløyve til investeringar i knytt til sjølvkostområde avløp, og 4 mill. i årleg rammeløyve til investeringar knytt til sjølvkostområde vatn.

## Note 17. Investering i nytt avløpsrensaneanlegg


Investering i nytt avløpsrensaneanlegg i samarbeid med Ålesund kommune inngår som ein del av økonomiplanen. Total investeringsutgift for Sula kommune er budsjettert til 451,8 mill.:

VAR (sjølvkost)	2022-2024	2025	2026	2027	2028	SUM
Nytt avløpsrensaneanlegg	34 700 000	100 700 000	171 200 000	131 800 000	13 400 000	<b>451 800 000</b>

Budsjettert kostnad til reinseanlegg baserer seg på Norconsult sin rapport "Kvalitetskontroll og usikkerheitsanalyse av kostnader for avløpsreinsaneanlegg Kvasnes", datert 11.07.22. Den viser ein prosjektkostnad (P50) på 1,83 milliard. Dette beløpet er med prisnivå per april 2022. Prosjektkostnaden vert fordelt mellom Sula kommune og Ålesund kommune. Fordelinga er utført ved å summere dei kostnadane som er spesifikk for den enkelte kommune. Alle kostnader som ikkje har ein områdespesifikk fordeling er fordelt 20% til Sula og 80% til Ålesund. Sula kommune sin andel av prosjektkostnaden på 1,83 milliard er 399,6 mill. Dersom vi hadde lagt P85 til grunn (og ikkje P50) hadde budsjettert totalbeløp for Sula kommune blitt 447,5 mill. Årsaka til at vi legg P50 til grunn i budsjettet er at dette er det mest sannsynlege estimatet. P50 indikerer at det er 50% sannsynleg for at prosjektet blir dyrare enn budsjettert og 50% sannsynleg for at prosjektet blir billigare enn budsjettert. P85 indikerer at det er 85% sannsynleg for at prosjektet blir billigare enn budsjettert.

Budsjett med prisnivå april 2022	SUM	Sula	Ålesund
Kostnadsramme - P50	<b>1 829 663 851</b>	399 556 561	1 430 107 290
Kostnadsramme - P85	<b>2 069 488 412</b>	447 541 757	1 621 946 655

Beløpet på 399,5 mill. kr. har vi prisregulert frå april 2022-nivå og fram til prisnivå for 2025. Dette fordi budsjett/økonomiplan 2025-2028 blir oppgitt i "2025-kroner". Vi har nytta 3,6% prisregulering for perioden mai-desember 2022 (KPI for denne perioden), 4,6% for 2023, 3,8% for 2024, og vidare 1,5% for 2025 (SSB sin forventa KPI for 2025 er 3%. Vi har brukt 1,5% med tanke på at investeringane fordeler seg likt ut over året). Investeringsbeløp for Sula kommune blir då 451,8 mill. Dersom vi hadde lagt P85 til grunn hadde budsjettert totalbeløp blitt 506,8 mill. (med prisnivå 2025).



Auke i eit «normalgebyr» for avløp frå 2021 til 2029 er forventa å bli på ca. 11.000 kr. Forenkla kan auka forklarast slik:

Finansutgifter	Beløp
Investeringsutgift	451 800 000
Avskrivning 40 år (årlig utgift)	11 295 000
Kalkylerente i 2029	3,8 %
	17 168 400
<b>SUM</b>	<b>28 463 400</b>

Antall abonnenter	3 100
<b>Gebyrauke per abonnent</b>	<b>9 182</b>
<b>Gebyrauke inkl mva</b>	<b>11 477</b>

Gebyra i diagrammet ovanfor er inklusiv 25% mva. I statsbudsjettet har regjeringa foreslått å redusere mva-satsen på vatn og avløp frå 25% til 15% frå 1. mai 2025. For gebyrnivå i 2029 vil dette utgjere ein reduksjon på ca. 2.000kr.

## Note 18. Investeringar i øk.plan 2024-2027 som er endra i øk.plan 2025-2028

Oversikten nedanfor viser investeringstiltak i økonomiplan 2024-2027 som har blitt endra i kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan 2025-2028:

Investeringstiltak	2024	2025	2026	2027	Kommentar
IKT. Felles IKT investeringar	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	I øk.plan 2025-2028 er tiltaket lagt inn med 1,25 mill i 2025, deretter 1 mill årlig
Fortau for trygg skuleveg i tilknytning til Langevåg skule	1 000 000	1 000 000	4 000 000	4 000 000	I øk.plan 2025-2028 er det lagt inn med 2 mill i 2025, 4 mill i 2026, 4 mill i 2027 og 2 mill i 2028. Tiltaksnavn er endra til: "Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg"
Kryssing fylkesveg 657,	0	500 000	0	0	Ikkje med i øk.plan 2025-2028
Tiltak Vågevatnet	300 000	1 000 000	0	0	Ikkje med i øk.plan 2025-2028. Arbeid ferdigstilt i 2024
Fortau tosidig Rørstadmarka	0	0	200 000	500 000	Ikkje med i øk.plan 2025-2028
Eigedom. Utfasing av lyskilder	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	I øk.plan 2025-2028 er det lagt inn 2 mill i 2025, 2 mill i 2026, 1 mill i 2027 og 1 mill i 2028
Vasset Borettslag	30 000 000	27 392 061	0	0	I øk.plan 2025-2028 er tiltaket lagt inn med 40 mill i 2025 og 18,3 mill i 2026
Utvikling av framtidige omsorgsplasser (byggetrinn 3)	1 000 000	1 000 000	58 000 000	0	I øk.plan 2025-2028 er tiltaket lagt inn med teksten "Bukonsept i samarbeid med private (neste byggetrinn)". Beløp er ikkje lagt inn fordi prosjektet etter planen i all hovudsak vil vere sjølffinansierende.
Salen pumpestasjon (VAR)	0	3 620 000	0	0	I øk.plan 2025-2028 er tiltaket utsatt til 2027
Rammeløyviing vatn	2 500 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000	I øk.plan 2025-2028 er årleg beløp auka til 4 mill
Rammeløyviing avløp	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	I øk.plan 2025-2028 er årleg beløp auka til 10 mill
Nytt avløpsrensaneanlegg	51 500 000	93 700 000	148 100 000	118 000 000	I øk.plan 2025-2028 er periodisering av utgift endra samanlikna med øk.plan 2024-2027. Total investeringsutgift for prosjektet (periode 2022-2028) er endra frå 435,7 mill i økonomiplan 2024-2027 til 451,8 mill i økonomiplan 2025-2028. Ein av årsakane til dette er eit år til med prisstigning (investering i øk.plan 2024-2027 var i "2024-kroner" medan øk.plan 2025-2028 er i "2025-kroner". Ein annan årsak er at budsjettet har blitt justert opp med ca 8 mill samanlikna med 2024. Dette skuldast i hovudsak at budsjett for plassbygde pumpestasjonar i Sula har auka.

# 11. OBLIGATORISKE OVERSIKTER

I tråd med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.» (§ 5-1) skal budsjett/økonomiplan innehalde bevilgningsoversikt drift (§5-4), bevilgningsoversikt investering (§5-5), økonomisk oversikt drift (§5-6) og oversikt over gjeld og andre vesentlege forpliktingar (§5-7). Oppstillingane etter § 5-4 til § 5-6 skal også vise beløp for det førre budsjettåret og sist vedtekne årsrekneskap.

## Bevilgningsoversikt drift

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028
1 Rammetilskudd	381 997 931	390 400 000	418 055 000	427 125 600	430 125 600	433 125 600
2 Inntekts- og formueskatt	283 294 120	314 110 000	334 690 000	349 151 000	349 151 000	349 151 000
3 Eiendomsskatt	10 745 115	11 150 000	12 000 000	24 000 000	24 000 000	24 000 000
4 Andre generelle driftsinntekter	25 746 660	32 504 000	28 550 000	29 300 000	27 850 000	27 600 000
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>701 783 826</b>	<b>748 164 000</b>	<b>793 295 000</b>	<b>829 576 600</b>	<b>831 126 600</b>	<b>833 876 600</b>
6 Sum bevilgninger drift, netto	650 941 324	672 139 386	729 893 981	744 030 264	740 016 417	737 492 795
7 Avskrivninger	55 792 637	48 000 000	57 000 000	59 000 000	64 000 000	69 000 000
<b>8 Sum netto driftsutgifter</b>	<b>706 733 961</b>	<b>720 139 386</b>	<b>786 893 981</b>	<b>803 030 264</b>	<b>804 016 417</b>	<b>806 492 795</b>
<b>9 Brutto driftsresultat</b>	<b>-4 950 135</b>	<b>28 024 614</b>	<b>6 401 019</b>	<b>26 546 336</b>	<b>27 110 183</b>	<b>27 383 805</b>
10 Renteinntekter	7 861 140	5 500 000	5 000 000	4 000 000	3 500 000	3 500 000
11 Utbytter	359 821	0	0	0	0	0
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	14 997 788	5 000 000	10 000 000	8 324 500	8 854 610	9 457 731
13 Renteutgifter	39 692 451	49 619 982	49 704 863	48 940 990	50 835 986	53 662 803
14 Avdrag på lån	48 000 000	48 000 000	50 000 000	51 861 667	56 758 333	60 350 500
<b>15 Netto finansutgifter</b>	<b>-64 473 702</b>	<b>-87 119 982</b>	<b>-84 704 863</b>	<b>-88 478 157</b>	<b>-95 239 709</b>	<b>-101 055 572</b>
16 Motpost avskrivninger	55 792 637	48 000 000	57 000 000	59 000 000	64 000 000	69 000 000
<b>17 Netto driftsresultat</b>	<b>-13 631 200</b>	<b>-11 095 368</b>	<b>-21 303 844</b>	<b>-2 931 821</b>	<b>-4 129 526</b>	<b>-4 671 767</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>	<b>Regnskap 2023</b>	<b>Budsjett 2024</b>	<b>Budsjett 2025</b>	<b>Budsjett 2026</b>	<b>Budsjett 2027</b>	<b>Budsjett 2028</b>
18 Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
19 Avsetninger til bundne driftsfond	1 877 222	3 734 609	5 903 000	0	0	0
